



Sakshandsamar: Gunnar Thelin / Olav Fykse Tveit

Referansar: KR 18/06, KR 46/06, KM 3.3/06, KR 23/07, UKM 08/07, MKR 37/07, SKR 34/07, KR 42/07

Vedlegg:

Dok.nr.	Tittel
KM 7.1.1/07	"Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken." Fråsegn frå Lærenemnda 2006 (utsend til KM 2006)
KM 7.1.2/07	Utredning om diskrimineringsunntaket i arbeidsmiljøloven
KM 7.1.3/07	Vedtak fra Ungdommens kirkemøte i sak UKM 08/07
KM 7.1.4/07	Samandrag av høyiringsinnspele
KM 7.1.5/07	Samandrag av innspel i samband med behandlinga av sak KR 42/07 (deles ut for komité A)
KM 7.1.6/07	Orientering om behandlinga av saka i Bispemøtet

## Tilsetjing og vigsling i Den norske kyrkja av homofile i partnarskap. Konsekvensar av fråsegna frå Lærenemnda 2006

### **Samandrag**

I januar 2006 presenterte Lærenemnda fråsegna *Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken*. I denne fråsegna er det ulike vurderingar av homofilt samliv. Desse vurderingane er gjort med tanke på lera til kyrkja. Derfor er dei relevante når ein skal vurdere dei tidlegare vedtaka i Kyrkjemøtet som byggjer på teologiske vurderingar av homofilt samliv. Kyrkjerådet la fråsegna fram for Kyrkjemøtet i 2006 som ei orienteringssak og skreiv i saksframlegget at ho skulle realitetshandsamast i 2007.

Saka har ein fyldig presentasjon av det vedtaket Kyrkjemøtet gjorde i homofilisaka i 1995 og 1997, vedtaket i same saka i Bispemøtet i 1995 og 1997 og kyrkjemøtevedtaket om styringsrett i kyrkja (*Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke*) i 2001.

Deretter blir fråsegnene frå Lærenemnda i 2000 (Tunsbergsaka) og 2006 handsama med tanke på ny behandling i Kyrkjemøtet (kap. 2). Det blir gjort greie for tilhøvet mellom Lærenemnda og Kyrkjemøtet, korleis nemnda vurderer homofilt samliv, og vurderinga av usemje i homofilisaka med tanke på einskapen i kyrkja. Det blir peika på at usemja i

vurderinga av homofilt samliv i partnarskap er reell på den måten at partane bruker Bibelen til å grunngi sitt syn på det dei meiner bør ligge til grunn for praksisen.

Debatten i kyrkja og samfunnet, statusen til Kyrkjemøtet som eit representativt organ, eventuelle endringar av tidlegare kyrkjemøtevedtak, behandlinga i Kyrkjemøtet av usemje i læresaker og dei økumeniske relasjonane som kyrkja har / relasjonane til organisasjonar, er alt saman kontekst for behandlinga av saka i Kyrkjemøtet i år og blir gått gjennom relativt kortfatta (kap. 3). Her blir det lagt premissar for vurderinga av desse spørsmåla:

- Er behandlinga i Lærenemnda grundig nok til å ta saka opp på Kyrkjemøtet i år?
- Korleis handtere usemja om det teologiske grunnlaget for vedtaket i Kyrkjemøtet?
- Kva bør Kyrkjemøtet eventuelt ta stilling til i år?
- Gir eit kyrkjemøtevedtak grunnlag for å kunne la vere å tilsetje homofilt samlevande i partnarskap i stillingar som krev ordinasjon/vigsel?
- Kva slags økumeniske konsekvensar kan det få om ein ikkje vidarefører vedtaka frå 1995/97?

I tillegg til desse spørsmåla kjem behandlinga av tilsetjingsspørsmålet, vigslingspørsmålet og liturgispørsmålet (kap. 4).

Med tanke på det arbeidsrettslege blir det vist til forbodet i arbeidsmiljølova mot å diskriminere på grunn av seksuell orientering og om / på kva måte unntaksregelen kan nyttast av trussamfunnet Den norske kyrkja. Det blir ikkje gjort framlegg om å setje i gang eit arbeid med ein liturgi for inngåing av partnarskap.

Til sist drøftar ein den vidare behandlinga av saka og korleis kyrkja i dette spørsmålet skal stille seg til kyrkjer ho har kyrkjefellesskap med, og organisasjonar ho samarbeider med.

## Framlegg til vedtak

### Kyrkjerådet tilrår Kyrkjemøtet å gjere slikt vedtak:

1. Kyrkjemøtet har merka seg at ei samla Lærenemnd understrekar det reformatoriske prinsippet om Skrifta som øvste norm for det kyrkja lærer, òg i etiske spørsmål knytte til homofilt samliv. Samtidig konstaterer Kyrkjemøtet at Lærenemnda, ut frå ei samla forståing av dei bibelske skriftene, er delt i vurderinga av homofilt samliv i partnarskap. Det er ikkje lengre like stor semje om premissane for vedtaka om samlevande homofile i vigsla teneste i kyrkja som det var i 1995 og 1997. Kyrkjemøtet finn det derfor vanskeleg å vidareføre kyrkjemøtevedtaka frå 1995 og 1997.
2. Samtidig slår Kyrkjemøtet fast at det framleis også er kyrkjeleg grunngiving for å ikkje ordinere, vigsle, tilsetje eller gi tenestebrev til homofilt samlevande i partnarskap dersom biskop eller tilsetjingsorgan vurderer at det ikkje er i tråd med

det som er kyrkja si lære og kyrkja sitt formål, og/eller av omsyn til aktuell(e) kyrkjelyd(ar).

3. Kyrkjemøtet understrekar at det i behandlinga av denne saka alltid har lagt til grunn at Den norske kyrkja er eit trussamfunn og derfor forstår ordningane sine for ordinasjon, vigsling, tilsetjing og tenestebrev som uttrykk for det trusgrunnlaget kyrkja har, òg når kyrkja har og praktiserer ulike syn i saker av slik karakter.
4. Kyrkjemøtet ber biskopane om å ha ein føreseieleg praksis når det gjeld å ordinere/vigsle og skrive ut tenestebrev til homofilt samlevande i partnarskap, og ber biskopane samrå seg om korleis dei handterer eventuell ulik praksis.
5. Kyrkjemøtet oppmodar alle organ som er involverte i tilsetjingsprosedyrar i kyrkja, om å leggje vekt på å finne gode og ryddige løysingar når ulike syn møtest i ei sak. Kyrkjemøtet vil be alle tilsetjingsorgan med ansvar for tilsetjing i stillingar som krev ordinasjon/vigsling, om å vere tydelege nok ved utlysing og i tilsetjingsprosedyren på kva som gjeld med omsyn til samlivsform. Ingen organ bør tilsetje i stillingar som krev ordinasjon eller vigsling, utan at det er avklart om biskopen vil gi vedkomande tenestebrev.
6. Lærenemnda avgrensar sjølv mandatet sitt, slik at ikkje alle sidene ved homofilisaka som er etisk utfordrande, blir gjort greie for i fråsegna frå nemnda. Det er viktig for den vidare samtalen om dette spørsmålet i kyrkja at det blir arbeidt meir med bibelmaterialet og med samlivsspørsmål i kultur- og samfunnsperspektiv. Kyrkjemøtet ber Bispemøtet ta initiativ til eit slikt arbeid.
7. Kyrkjemøtet vil framheve at det er viktig å halde fram dialogen om denne saka lokalt og sentralt i kyrkja, med dei frivillige organisasjonane og i møte med andre kyrkjesamfunn. Denne saka grip på ulike måtar direkte inn i kvardagen til mange kyrkjemedlemmer, og Kyrkjemøtet kjenner den uroa som mange kjenner på når det gjeld deira plass i kyrkja. Til liks med Ungdommens kyrkjemøte vil Kyrkjemøtet sterkt oppmode leiarar i kyrkja og i kristelege organisasjonar om å arbeide kontinuerleg med haldningar og kommunikasjonsformer, slik at kyrkjelege fellesskap kan kjennast opne, tydelege og inkluderande.

# Saksorientering

## 1. Tidlegare sakshandsaming

### 1.1. Bakgrunn

I januar 2006 presenterte Lærenemnda fråsegna *Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken*. I denne fråsegna er det fleire vurderingar av homofilt samliv. Desse vurderingane er gjort med tanke på lera til kyrkja. Derfor er dei relevante når ein skal vurdere dei tidlegare vedtaka i Kyrkjemøtet som byggjer på teologiske vurderingar av homofilt samliv.

Fråsegna er send til biskopen i Møre, som reiste saka. Kyrkjerådet valde å leggje fråsegna fra Lærenemnda fram for Kyrkjemøtet 2006 som ei orienteringssak fordi saka var felleskyrkjeleg og viktig. I saksframstillinga til sak KM 03.3./06 blir det sagt at Kyrkjerådet, etter utgreiing av ulike sider ved saka, vil leggje henne fram for Kyrkjemøtet 2007 til realitetshandsaming og eventuelle vedtak då eller på seinare kyrkjemøte. Grunngivinga er slik:

Sidan det er gjeve retningslinjer frå Kyrkjemøtet om vigsling og tilsetjingar med tanke på homofilt samlevande, og retningslinjene viser til lærermessige vurderingar som no er gjennomgått på nytt av Lærenemnda, vil det vere naturleg at Kyrkjemøtet drøftar korleis ein no skal gje retningslinjer for Den norske kyrkja i desse spørsmåla... det ligg i Kyrkjemøtet sin retningslinjemyndighet å vurdere i kva grad det er nødvendig og ønskjeleg at Den norske kyrkja har ein felles praksis i homofilisaka med tanke på vigsling og tilsetjing. I spørsmålet om å vedta ein eventuell felles liturgi for forbønn for homofile par, har Kyrkjemøtet alt ansvar (s. 8).

I samband med drøftingane i Kyrkjemøtet vart det fremja ein protokolltilførsel frå Inger Anne Naterstad som fekk tilslutning frå 32 andre kyrkjemøtedelegatar:

Jeg konstaterer at det i Den norske kirke er uenighet i synet på homofilt samliv.  
Jeg ber om at Kirkerådet utreder og forbereder spørsmålet om tilsetting av homofile i vigslede stillinger i Den norske kirke til KM 2007.

Kyrkjerådet ber no Kyrkjemøtet handsame kva slags konsekvensar Kyrkjemøtet eventuelt skal trekke av fråsegna frå Lærenemnda med tanke på dei oppgåvane som kyrkjeordninga vår har lagt på Kyrkjemøtet. Det gjeld særleg det lovfesta heilskaplege ansvaret som Kyrkjemøtet har, og den delegerte styringsretten til å fastsetje liturgiar. Kyrkjemøtet har sjølv tolka dette heilskaplege ansvaret gjennom praksis, vedteken forretningsorden og i vedtaket frå 2001 om den retten Kyrkjemøtet har til å vedta retningslinjer. Når Kyrkjemøtet 2007 skal behandle homofilisaka, må det skje på

bakgrunn av tidlegare gjeldande vedtak i KM, og vedtak i BM som er gjort på oppdrag fra Kyrkjemøtet.

På bakgrunn av drøftinga i 2006 og den oppmodinga som ligg i protokolltilførselen til saka, vil Kyrkjerådet særleg legge vekt på vurderinga av dei tidlegare vedtaka som gjeld tilsetjing av homofilt samlevande i stillingar som krev vigslig. Spørsmålet om å lage og eventuelt innføre ny felles liturgi for forbøn for homofile som har inngått partnarskap, kjem òg til å bli drøfta.

Kyrkjerådet handsama saka på møtet i juni (sak KR 23/07). Dokumentet til saka vart sendt til bispedømmeråda, dei teologiske fakulteta, KA, Åpen kirkegruppe og Til Helhet for innspeil i prosessen fram til møtet i september. Det er gjort greie for innspeila i eit eige vedlegg. Ungdommens kyrkjemøte behandla saka under synsvinkelen ”Å leve med usemje i lærespørsmål” (sak UKM 08/07). Fråsegna frå Ungdommens kyrkjemøte ligg ved.

Kyrkjerådet handsama saka på nytt i september (sak KR 42/07) og gjorde følgjande vedtak:

Kirkerådet legger fram for Kirkemøtet 2007 saken *Ansettelse og vigslig i Den norske kirke av homofile i partnerskap. Konsekvenser av Lærenemndas uttalelse i 2006*.

Kirkerådet ber direktøren bearbeide dokumentet i tråd med de merknader som fremkom i møtet og bruke dette som saksdokument i nevnte sak.

Saken oversendes Bispemøtet.

**Kirkerådet anbefaler Kirkemøtet å gjøre følgende vedtak:**

1. Kirkemøtet har merket seg at en samlet Lærenemnd understreker det reformatoriske prinsipp om Skriften som øverste norm for kirkens lære, også i etiske spørsmål knyttet til homofilt samliv. Samtidig konstaterer Kirkemøtet at Lærenemnda, ut fra en samlet forståelse av de bibelske skrifter, er delt i vurderingen av homofilt samliv i partnerskap. Det er ikke lenger samme grad av enighet om premissene for vedtakene om samlevende homofiles vigslede tjeneste i kirken som det var i 1995 og 1997. Kirkemøtet finner det derfor vanskelig å videreføre kirkemøtevedtakene fra 1995 og 1997.
2. Samtidig slår Kirkemøtet fast at det fortsatt også er kirkelig begrunnelse for ikke å ordinere, vigslle, ansette eller gi tjenestebrev til homofilt samlevende i partnerskap dersom biskop eller ansettelsesorgan vurderer at dette ikke er i tråd med kirkens lære og formål og/eller av hensyn til aktuell(e) menigheter(er).
3. Kirkemøtet understreker at det i sin behandling av denne saken alltid har lagt til grunn at Den norske kirke er et trossamfunn og derfor forstår sine ordninger for

ordinasjon, vigsling, ansettelse og tjenestebrev som uttrykk for det trosgrunnlag kirken har, også når kirken har og praktiserer ulike syn i saker av denne karakter.

4. Kirkemøtet ber biskopene om å være forutsigbare i sin praksis med hensyn til ordinasjon/vigsling og utstedelse av tjenestebrev til homofilt samlevende i partnerskap og ber biskopene samrå seg om hvordan de håndterer eventuell ulik praksis.
5. Kirkemøtet henstiller til alle organ som er involvert i ansettelsesprosedyrer i kirken å legge vekt på å finne gode og ryddige løsninger når ulike syn møtes i en sak. Kirkemøtet vil be alle ansettelsesorgan med ansvar for ansettelse i stillinger som krever ordinasjon/vigsling om å være tilstrekkelig tydelige ved utlysning og i ansettelsesprosedyren på hva som gjelder med hensyn til samlivsform. Ingen organer bør ansette i stillinger som krever ordinasjon eller vigsling uten at det er avklart om biskopen vil gi vedkommende tjenestebrev.
6. Lærenemnda avgrenser selv sitt mandat, slik at ikke alle sider ved homofilisaken som etisk utfordring blir belyst i nemndas uttalelse. Det er viktig for den videre samtale i kirken om dette spørsmålet at det arbeides videre med bibelmaterialet og samlivsspørsmål i kultur- og samfunnsmessig perspektiv. Kirkemøtet ber Bispekonferansen ta initiativ til et slikt arbeid.
7. Kirkemøtet vil fremheve at det er viktig med en fortsatt dialog om denne saken lokalt og sentralt i kirken, overfor de frivillige organisasjonene og i møte med andre kirkemedlemmer. Mange kirkemedlemmer er på ulike måter direkte berørt av saken, og Kirkemøtet kjenner den uro som mange opplever knyttet til deres plass i kirken. I likhet med Ungdommens kirkemøte vil Kirkemøtet sterkt oppfordre ledere i kirken og i kristelige organisasjoner om kontinuerlig å arbeide med holdninger og kommunikasjonsformer slik at kirkelige fellesskap kan oppleves som åpne, tydelige og inkluderende.

Framlegget vart vedteke med 11 mot 4 stemmer.

Eit mindretal på 4 stemte for eit alternativt framlegg om utsetjing:

**Alternativt forslag om utsettelse:**

1. Kirkemøtet har merket seg at en samlet Lærenemnd klart understreker det reformatoriske prinsipp om Skriften som øverste norm for kirkens lære, også i etiske spørsmål knyttet til homofilt samliv. Samtidig konstaterer Kirkemøtet at Lærenemnda, ut fra en samlet forståelse av de bibelske skrifter, er delt i vurderingen av homofilt samliv i partnerskap.
2. Kirkemøtet anbefaler at Kirkemøtets vedtak fra 1995/97 med hensyn til ansettelse i ordinerte/vigslede stillinger av personer som lever i homofilt samliv videreføres.

3. Lærenemnda avgrenser selv sitt mandat slik at ikke alle sider ved homofilisaken som etisk utfordring blir belyst. Dette får på ulike måter betydning for argumentasjonen for og mot homofilt samliv. Kirkemøtet ber Bispemøtet ta initiativ til et videre arbeid med bibelmaterialet og samlivsspørsmål i kultur- og samfunnsmessig perspektiv.
4. Når dette materialet foreligger, ber Kirkemøtet Kirkerådet komme tilbake til Kirkemøtet med homofilisaken, inkludert en vurdering av de forvaltningsmessige områdene som er omtalt i vedtakene fra 1995 og 1997.
5. Kirkemøtet understreker at det i sin behandling av denne saken alltid har lagt til grunn at Den norske kirke er et trossamfunn og derfor forstår sine ordninger for ordinasjon, vigslig, ansettelse og tjenestebrev som uttrykk for det trosgrunnlag kirken har.
6. Kirkemøtet vil fremheve at det er viktig med en fortsatt dialog om denne saken lokalt og sentralt i kirken, overfor de frivillige organisasjonene og i møte med andre kirkесamfunn. Mange kirkemedlemmer er på ulike måter direkte berørt av saken, og Kirkemøtet kjenner den uro som mange opplever knyttet til deres plass i kirken. I likhet med Ungdommens kirkemøte vil Kirkemøtet sterkt oppfordre ledere i kirken og i kristelige organisasjoner om kontinuerlig å arbeide med holdninger og kommunikasjonsformer slik at kirkelige fellesskap kan oppleves som åpne, tydelige og inkluderende.

Saka er sendt fra Kyrkjerådet til Bispemøtet, som har møte 27. september - 2. oktober. Ei orientering om behandlinga i Bispemøtet vil bli vedlagt saka.

## **1.2. Kyrkjemøtevedtak i 1995, 1997 og 2001 og vedtak i Bispemøtet 1995 og 1997**

### **1.2.1 Bispemøtevedtak i 1995**

Bispemøtet handsama utgreiinga *Homofile i kirken* (1994) i sak BM 2/95. Den fråsegna Bispemøtet kom med i saka, er omfattande og relaterer seg til tidlegare behandling av tilsvarande tema, ikkje minst i 1977. Fleirtalet og mindretallet (3) i Bispemøtet viser i vedtaket sitt til kva delar av vedtaket Bispemøtet forventar at Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet følgjer opp. Vi tek med desse avsnitta og eit felles avslutningsord her:

Fleirtalet:

10. En kirke som ut fra sin etiske overbevisning ikke kan anbefale homofilt samliv, må trekke den konsekvens at den heller ikke kan anbefale at personer som lever i homofilt samliv blir ansatt som prester eller i andre stillinger som har forkynnende, undervisende eller liturgiske funksjoner. De krav om respekt for andres personlige valg og om vilje til å integrere homofile kristne i kirkens liv

som tidligere er understreket, er ikke ensbetydende med et ja til ansettelse av homofile samboende i kirkelige stillinger.

11. Når det gjelder spørsmålet om en velsignelses- eller forbønnshandling for homofile, finner Bispekonferansen på bakgrunn av det foranstående at det ikke vil være grunnlag for å innføre en slik ordning og regulere den gjennom en fast liturgi. Bispekonferansen viser her til Hygen-utvalget som i 1977 uttrykte følgende: ”Det ligger innenfor kirkens mandat å velsigne ekteskap mellom mann og kvinne. Dette er det solid bibelsk grunnlag for. Men det foreligger ikke noe bibelsk mandat for å velsigne noen annen form for samliv av seksuell karakter”.

Mindretallet:

7. Til denne integrering må også høre mulighet for tilsetting i kirkelige stillinger og tjeneste som frivillige og lønnende medarbeidere.

Bispekonferansens mindretall finner at det i prinsippet bør være mulig for kirken å åpne for tilsetting av homofilt samboende også i stillinger som krever vigsel. Men kirken kan ikke bare ha prinsipper for øye, heller ikke bare de homofiles ønsker. Hensynet til menigheten og dens situasjon må være avgjørende. Tilsetting av en som lever i homofilt samliv, må ikke føre til splittelse i menigheten.

8. Det er kirkens kall og ansvar å be for alle mennesker. Dersom noen ber om forbønn, kan kirken ikke avslå dette. Vi ser gjerne at det blir bedt for homofile som har valgt å leve sammen. Men fordi et homofilt parforhold ikke kan sidestilles med ekteskap, må denne forbønn ikke få en form som kan forveksles med en vigselshandling.

#### Felles etterord

Bispekonferansen konstaterer at det ikke har vært mulig å komme fram til et felles syn i et så viktig teologisk spørsmål (...) Debatten og uenigheten har ikke svekket den respekt vi har for hverandre. Vi vil fortsatt stå i det tjenestefellesskap vi deler som biskoper i den samme kirke.

Det er vårt klare ønske at denne saken ikke får splitte kirken. Uenighet og debatt må ikke skygge for det som er kirkens hovedsak, og som binder oss sammen: Budskapet om den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus.

Denne enhet på tvers av meningsforskjeller må imidlertid ikke hindre oss i å fortsette en åpen debatt der vi uttrykker vårt syn klart og samtidig viser vilje og evne til å lytte til og prøve å forstå hverandre.

Bispekonferansens behandling innebærer ikke at det legges opp til en endret praksis i biskopens embetsutøvelse.

### **1.2.2 Kyrkjemøtevedtak i 1995**

Kyrkjemøtet har fleire gonger drøfta dei homofile og deira plass i kyrkja og kyrkjeleg teneste for homofilt samlevande. Vedtaket i sak KM 15/95 *Homofile i kirken* var det første kyrkjemøtevedtaket om denne saka. Det byggjer blant anna på saksdokument fra Bispekonferansen og ei utgreiing til Bispekonferansen med same tittelen.

1. Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv.
2. Kirkemøtet finner heller ikke grunnlag for å foreslå utarbeidet en særskilt liturgisk ordning for en kirkelig forbønnshandling for personer som lever i homofilt samliv.
3. Kirkemøtet forutsetter at kirkelige tilsettingsorganer og biskopene i sin embetsutøvelse innretter sin praksis i tråd med dette.
4. Kirkemøtet ser behov for et videre arbeid for å avklare særlig følgende spørsmål som er blitt aktualisert i denne saken:
  - Det er nødvendig at Bispemøtet viderefører arbeidet med de sjælesørgeriske utfordringer kirken står overfor i møte med homofile, inkludering i menighetens nattverdfellesskap av personer som lever i homofilt samliv og spørsmålet om bønn for homofile par utenfor rammen av en liturgisk ordning.
  - Kirkemøtet anmøder Kirkerådet og Bispemøtet om å ta del i den videre kirkelige refleksjon og samtale omkring forståelsen av kirkens enhet og troens fundament på bakgrunn av den aktuelle debatt og kirkelige situasjon.
  - Kirkemøtet ber Kirkerådet om å igangsette arbeidet med å utrede de arbeidsrettslige sider som saken reiser. Kirkerådet bes også - i kontakt med Bispemøtet - om å avklare nærmere hvilke stillinger, oppgaver og verv som kan tenkes omfattet av Bispemøtets uttalelse. Kirkemøtet ber om å få disse spørsmål tilbake til behandling på Kirkemøtet 1997.
5. Kirkemøtet anbefaler at kirken i sitt møte med mennesker og ut fra sitt grunnlag i Skrift og bekjennelse, fortsetter å arbeide med de teologiske og etiske utfordringer som knytter seg til homofili og homofilt samliv.
6. Kirkemøtet ber bispedømmerådene og Kirkerådet om å legge til rette for en samtale- og refleksjonsprosess i menighetene omkring disse spørsmål.

Dette vedtaket førte så til behandling både i Bispemøtet og Kyrkjemøtet i 1997.

### **1.2.3 Bispemøtevedtak i 1997**

Bispemøtet fekk i 1997 utarbeidt utgreiingane *Kirkens enhet og troens fundament* (sak BM 14/97) og *Homofili og sjælesorg* (sak BM 15/97).

Bispemøtet behandla begge utgreiingane samla, enda med delt syn og slo fast at det ”er et faktum at det er forskjellige syn på spørsmålet i kirken”. Det heiter vidare: ”Også mindretallet i Bispemøtet aksepterer at Kirkemøtet i sitt vedtak har tatt utgangspunkt i den teologiske vurdering som Bispemøtets flertall har gjort gjeldende” (jf. BM sak 2/95).

Det er semje i Bispemøtet om at denne prosedyren er forsvarleg slik situasjonen er i dag, og etter den kyrkjeordninga som gjeld. Bispemøtet drøfta spørsmålet om homofilt samliv som eit etisk prinsippspørsmål og dermed eit lærespørsmål som kjem inn på viktige grunnlagsproblem av dogmatisk art. Men Bispemøtet ville ikkje definere dette spørsmålet som eit punkt som trua til kyrkja står og fell med (pkt. 3), og uttalte at synet på homofilt samliv i seg sjølv ikkje er av ein slik natur at det treng å true einskapen i kyrkja. På den andre sida finn Bispemøtet ”at det vil være til skade for enheten i kirken om ulikt syn skulle føre til ulik praksis. Hensynet til menighetene tilsier at det bør være felles ordninger. Bispemøtet vil derfor samlet oppfordre til respekt for de retningslinjer Kirkemøtet vedtar, og biskopene vil selv respektere Kirkemøtets beslutningsmyndighet” (pkt. 4).

Bispemøtet er delt i synet på om homofilt samlevande bør kunne ha stillingar i kyrkja.

Bispemøtet mener at det for å bevare enheten i kirken er påkrevet at biskopene ikke etablerer særordninger i et så ømtålig spørsmål, men at de i sin embetsutøvelse opptrer på samme måte i lojalitet mot Kirkemøtets vedtak (pkt. 7).

Det er òg rimeleg å forvente lojalitet frå kyrkjeleg tilsette og rådsorgan. Bispemøtet går inn for at hovudsynspunktet til Kyrkjemøtet om å ikkje gi homofilt samlevande vigsla stillingar, blir lagt til grunn for stillingar med forkynnande, liturgiske og undervisande funksjonar, men ein må likevel ta omsyn til lokale forhold. Bispemøtet understreka at dialogen om eit så viktig problemområde i etikken ikkje kan stanse sjølv om det blir fastsett felles ordningar for ein eins praksis. ”Det er de styrendes organers ansvar å treffe den endelige avgjørelse både i slike spørsmål og i spørsmål om oppnevning til lederoppgaver og tillitsverv” (pkt. 8).

Bispemøtet viser til at Kyrkjemøtet ikkje ønskte å instituere ei liturgisk forbønshandling for homofile par. ”Det er Bispemøtets mening at det derfor er å bryte med Kirkens enhet å etablere egne forbønns- og velsignelseshandlinger i strid med Kirkemøtets vedtak” (pkt. 6).

#### **1.2.4 Kyrkjemøtevedtak i 1997**

I sak KM 08/97 *Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om homofilt samliv og kirkelig tjeneste* gjorde KM 1997 slikt vedtak:

1. ”Kirkemøtet viser til sitt vedtak i sak 15/95 punkt 1: ”Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv.”

Bispemøtet har tatt konsekvensen av dette ved å si at ”kirken gjennom sine besluttende organer har tatt et standpunkt som er å betrakte som kirkens offisielle syn, i den forstand at dette legges til grunn for kirkens felles ordninger”.

2. Kirkemøtet erkjenner at det er ulike syn i kirken på dette spørsmålet, og ber om at det blir utvist respekt for meningsforskjeller. Kirkemøtet sier seg glad for den dialog som pågår i kirken, og ser det som viktig at forholdene legges til rette for at denne dialogen kan bli ført videre i større bredde.
3. Kirkemøtet finner at personer som lever i homofilt samliv ikke kan inneha kirkelig tjeneste som vigslø prest, diakon eller kateket.
4. Kirkemøtet ber biskopene i sin embetsutøvelse og forvaltningsorganene i sin tilsettingspraksis legge disse synspunkt til grunn.
5. Også når det gjelder øvrige kirkelige stillinger som i hovedsak har forkynnende, undervisende og/eller liturgiske funksjoner, vil Kirkemøtet anbefale at ansettende organer legger foran nevnte hovedsynspunkt til grunn. Kirkemøtet slutter seg videre til Bispemøtets forståelse for at tilsettingssaker "kan arte seg forskjellig ut fra de lokale forhold og at spørsmålet om tillit og om enhet eller en mulig splittelse i de respektive miljøer kan bedømmes ulikt fra sted til sted".
6. Kirkemøtet legger til grunn at Den norske kirke er et trossamfunn og må kunne bygge på nåværende praksis uten å komme i konflikt med gjeldende lovverk innen arbeids- eller forvaltningsrett.

### **1.2.5 Kyrkjemøtet 2001: *Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke***

Behandlinga i Kyrkjemøtet om ansvar og styringsrett for dei forskjellige organa i Den norske kyrkja i 2001 var blant anna relatert til kyrkjemøtevedtaket i homofilisaka. Derfor har det betydning ved ei ny behandling av saka, og derfor gir vi att vedtaket i sak KM 08/01 *Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke*:

1. Kirkemøtet tar utredningen "Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke" til etterretning. Kirkemøtet slutter seg i hovedsak til utredningens framstilling av gjeldende rett og utredningens vurderinger og anbefalinger. Kirkemøtet vil understreke at denne konkrete saken er en del av en større prosess. Mange av innspillene som er framkommet i høringsrunden og i Kirkemøtets behandling er viktige innspill i debatten videre, blant annet må det skje en nødvendig avklaring av hvordan en kan ivareta mindretall i kirkelige organer som opplever å være i en samvittighetskonflikt i en sak med læremessige implikasjoner. Det medlem av et kirkelig organ som av hensyn til sin samvittighetsforpliktelse på Den Hellige Skrift (respektive "den evangelisk lutherske lære", jfr. kl § 28) ikke finner å kunne slutte seg til flertallet i det aktuelle organ, forutsettes – så langt som mulig – å grunngi sin dissens gjennom et protokollat i møtet. Dette bør skje på et tidlig stadium i en prosess, og gis om nødvendig en helhetskirkelig behandling.
2. Kirkemøtet mener at gjennomgangen av dagens kirkeordning er klargjørende og gir grunnlag for at det grunnleggende kravet til samvirke som både påhviler organer som har vedtaksmyndighet og organer som vedtak retter seg mot, kan

fungere på en bedre måte i praksis. Kirkemøtet vil særlig trekke fram utredningens framstilling av retningslinjemyndighet og klargjøringen av lojalitetsplikter i vid forstand som viktige i denne sammenhengen. Dersom denne samvirkeprosessen skal fungere godt, er det viktig å legge til rette for åpne og ryddige prosesser både i forhold til saksforberedelsen før vedtak skal treffes, ved selve beslutningen og i etterkant av den. Kirkemøtet vil også framheve at dette samvirket ikke utelukkende kan bygges på regler, men at en er avhengig av ansvarlige aktører med vilje til samarbeid og respekt for ulikheter og uenighet, men også respekt for avgjørelser som faktisk er fattet.

3. Kirkemøtet ser at det kan være grunnlag for å arbeide videre med utredningens forslag til "Retningslinjer for behandling av lære- og ordningsspørsmål". Kirkemøtet vil be Kirkerådet i samarbeid med aktuelle organer arbeide videre med om, og på hvilken måte, det kan etableres nærmere plikter til samråd i reglene som regulerer de ulike kirkelige organers virksomhet."
4. Kirkemøtet anbefaler at det utarbeides en forkortet versjon av utredningen.

Protokolltilførsel til pkt. 2 fra Gunnar Stålsett:

Retningslinjemyndighetskonstruksjonene kan ikke brukes til å utvide Kirkemøtets mandat og myndighet utover det som er gitt i lov og forordning/delegering. Retningslinjemyndighet kan ikke brukes til å begrense andre kirkelige organers myndighet der dette ikke er hjemlet i lov og mandat for vedkommende organ.

Arne Grønningsæter og Sigurd Osberg sluttet seg til protokolltilførselen.”

## **2. Fråsegnene frå Lærenemnda i 2000 og 2006 med tanke på behandlinga i Kyrkjemøtet i 2007**

### **2.1 Lærenemnda og Kyrkjemøtet**

Lærenemnda i Den norske kyrkja gir på oppmoding fråseigner i saker som gjeld den evangelisk-lutherske læra. Kongen eller ein biskop kan be om fråsegn i teneste- og tilsetjingssaker, og Kyrkjemøtet kan be om fråsegn i andre saker (§ 27 i kl.).

Fråsegna frå Lærenemnda er ikkje eit forvaltningsvedtak eller vedtak om kyrkjelege ordningar, men er å forstå som rettleiing for andre kyrkjelege organ som kan gjere vedtak av ein slik art.

Det er særleg to tema i fråsegna frå Lærenemnda som får direkte betydning for behandlinga av homofilisaka i Kyrkjemøtet. For det første er den generelle lærevurderinga av homofilt samliv vesentleg. Vedtaket som Kyrkjemøtet gjorde i 1995 og 1997, byggjer på slike vurderingar. For det andre har Lærenemnda vurdert konsekvensane av den usemja som gjeld læra, med tanke på samhald og einskap i kyrkja.

Her kjem ein då borti det ansvaret Kyrkjemøtet har for saker av felleskyrkjeleg karakter og ansvaret for samarbeidet i kyrkja (§ 24 i kl.), sjå òg vedtaket i sak KM 08/01.

## 2.2 Lærenemnda og vurderinga av homofilt samliv

Lærenemnda har handsama spørsmålet skriftforståing og skriftbruk med særleg tanke på homofilisaka. Lærenemnda grunngir kvifor saka vart teken opp til handsaming, med

.. at forståelsen og bruken av Skriften er ”et særlig tungveiende spørsmål” i en evangelisk-luthersk kirke. Fra reformasjonstiden av har vår kirke framholdt prinsippet om Skriften som øverste norm i lærespørsmål. Dette gjelder også i etiske spørsmål, i dette tilfellet spesielt homofilispørsmålet. Ettersom Skriften tolkes forskjellig i spørsmålet om homofilt samliv, fant nemnda at det er grunn til å realitetsbehandle dette lærepunktet... Nemnda har imidlertid ønsket å se homofilisaken i et noe bredere samlivsetisk perspektiv, og har derfor valgt å definere sin oppgave ”med særlig henblikk på homofilisaken” (s. 11).

Lærenemnda står saman om skriftforståing i det at Skrifta, som vitnemålet om Guds openberring i Jesus Kristus, er øvste norma for lære, liv og forkynning i kyrkja vår, og at kyrkja stadig skal arbeide for å skape djupare forståing av kva Skrifta har å seie i dag, ved å tolke dei bibelske skriftene. Men det er usemje i nemnda når det gjeld skriftforståinga i spørsmålet om homofilt samliv.

Nemnda har gått gjennom de bibelske tekstene som direkte omtaler homoseksuelle handlinger (...) det er enighet i nemnda om at disse tekstene etter sin ordlyd er klart avvisende til homoseksuelle handlinger (...) Enigheten om tekstenes historiske mening betyr imidlertid ikke at det i nemnda er enighet om hvordan de skal fortolkes i vår situasjon (*Skriftforståelse og...* s. 131).

Usemjø speglar av forskjellar både i bruken av enkelte bibeltekstar og i meir heilskaplege perspektiv i Skrifta når det gjeld denne saka.

Fråsegna frå Lærenemnda rommar to ulike hovudkonklusjonar med tanke på homofilt samliv. Dei kjem frå to om lag like store grupper av medlemmene i Lærenemnda. Hovudkonklusjonane kan samanfattast slik:

Den eine konklusjonen gjeld ei vurdering av alt homofilt samliv, som òg inneber seksuelt samliv. Konklusjonen er at slikt homofilt samliv ikkje kan grunngivast ut frå Skrifta. Hovudgrunngivinga er at berre ekteskap mellom ein mann og ei kvinne har direkte basis i Bibelen som ramme for seksuelt samliv, og at seksuelle handlingar mellom to menn blir avvist både i Det gamle og i Det nye testamentet. Derfor kan heller ikkje kyrkja godta nokon form for homofilt samliv som etisk legitimt. Dei som støttar denne konklusjonen, finn ingen overbevisande bibelsk grunn for det alternative synet. Dei seier òg at dei ikkje kan rekne dei ulike konklusjonane om homofilt samliv som likestilte, og at det etter deira vurdering ikkje er nokon overbevisande bibelsk grunn for det alternative synet.

Den andre hovudkonklusjonen, som den andre halvparten av Lærenemnda kjem til, skil mellom ulike former for homofilt samliv. Denne gruppa finn at eit ordna, trufast og livslangt samliv i partnarskap mellom to personar av same kjønn er etisk forsvarleg ut frå kristen etikk. Dei meiner det er fullt mogeleg å bruke Skrifta som heilskap som autoritet for ein slik konklusjon. Eit slikt forpliktande homofilt samliv kan grunngivast i dei store linjene i den etiske rettleiinga om gjensidig godkjenning av samliv mellom menneske som dei bibelske skriftene gir. Dei vurderer partnarskap som ein god måte å leve på for homofile.

Det er stor semje i Lærenemnda om at ekteskap mellom mann og kvinne er noko anna enn partnarskap, og det er stor semje om at ein må avvise tilfeldige eller promiskuøse forhold i etisk rettleiing med basis i Bibelen anten dei gjeld homofile eller heterofile forhold. Men det er usemje om læreverurderinga av ordna, forpliktande og livslangt homofilt samliv så langt ho er utfalda i fråsegna frå Lærenemnda i 2006.

Fråsegna frå Lærenemnda har ikkje ei så brei og heilsakleg sakleg og læreretta vurdering av homofilt samliv som ho kunne hatt dersom temaet for behandlinga hadde vore homofilisaka generelt. Tilsvarande gjeld fråsegna i den såkalla Tunsbergsaka i 2000. Ein saknar blant anna eit meir grundig arbeid med forholdet mellom bibelmaterialet og det omfattande erfaringsfeltet som er relevant når kyrkja skal ta stilling i etiske spørsmål. Tilsvarande gjeld kultur- og samfunnsperspektivet, ikkje minst knytt til spørsmål om kjønn, seksualitet og identitet. Men Kyrkjrådet meiner at fråsegna frå Lærenemnda likevel gjer det nødvendig med ei ny behandling i Kyrkjemøtet, eventuelt først når det ligg føre materiale om dei problemstillingane som er omtalte ovanfor. Dessutan er det stor debatt og interesse for saka i kyrkja, i samfunnet og i det økumeniske fellesskapet nasjonalt og internasjonalt. For dei som er spesielt involverte i saka fordi ho handlar om deira eige liv, er ti år ein ganske lang periode med debatt og uvisse. Også dette gir grunn til ei fornøy behandling av saka i Kyrkjemøtet.

## **2.3 Korleis Lærenemnda vurderer usemje i homofilisaka og einskapen i kyrkja**

Lærenemnda drøftar både i Tunsbergsaka frå 2000 og i fråsegna frå 2006 kva slags utfordringar det er for samhaldet, samarbeidet og einskapen i kyrkja at det ut frå ei læreverurdering er ulikt syn på homofilt samliv. Dette er spørsmål som i særleg grad gjeld dei oppgåvne biskopane, Bispemøtet og Kyrkjemøtet har i kyrkjeordninga vår. Men alle medlemmer, tilsette og organ har eit felles ansvar for å finne måtar å handtere usemje i vesentlege spørsmål på. Kyrkjemøtet må likevel ta eit særleg ansvar for å leggje til rette for korleis ein kan handtere den aktuelle situasjonen i høve til ordningar og samarbeid.

Lærenemnda drøftar i fråsegnene frå 2000 og 2006 om det frå ei læreverurdering er grunnlag for å seie at usemje i synet på homofilt samliv svekkjer eller undergrep einskapen i kyrkja. Fråsegna frå 2000 handsamar dette temaet spesielt med tanke på om fellesskapet om Ordet og sakramenta mellom ein prost og ein biskop kan bli brote når det er usemje i denne saka, og om det i så fall er støtte i vedkjenningsskriftene for eit slikt brot. Lærenemnda fann då, mot to stemmer, at ho ikkje kunne støtte ein slik tankegang.

Usemjene i lærevurderinga av homofilisaka kan gjere det vanskeleg, men ikkje nødvendigvis umogeleg å bevare einskapen i kyrkja. Det vart vist til at sjølv om etiske synspunkt og handlingar er omdiskuterte i kyrkja, må det svært tunge grunnar til for å grunngi at ei slik usemje om etisk rettleiing inneber at semja om evangeliekynninga er broten. Nemnda fremheva den gongen at ein må skilje mellom det som skaper problem for kyrkjefellesskapet, og det som gjer det umogeleg på grunn av læra. Fråsegnene i 2006 peikar på at ”det kan ikke automatisk utelukkes at hva Skriften lærer som Guds vilje for hvordan mennesket skal leve, kan reflektere uenighet om skriftforståelse som også berører enheten i evangeliets lære” (s. 124). Det er ulike vurderingar av kor alvorleg usemja om korleis ein skal forstå og bruke Skriften i denne saka, er. Det blir peika på at det nokre stader i kyrkja har vaksne fram store motsetningar og djup usemje. Men nemnda står saman om å hevde at den usemja som er avdekt i homofilisaka, ikkje treng å føre til at ein ikkje kan ha gudstenestefellesskap.

I begge fråsegnene har eit stort fleirtal på fleire måtar gitt uttrykk for at sjølv om ein har ulike syn i homofilisaka, er det vanskeleg, men ikkje umogeleg å stå saman om Skriften som det truverdige og forpliktande vitnemålet om Guds vilje og evangeliet i Kristus. Dette blir grunngitt særleg med at ein i luthersk lære skal og kan skilje mellom det som er konstituerande for einskapen i kyrkja, og det som ikkje er det. Usemje om kva som er synd, og kva ein kan grunngi som kristen livsførsel, inneber ikkje i seg sjølv at ein er ueinig om evangeliet og rettferdigjeringa ved tru og av nåden åleine. Kva som er rett livsførsel, har det vore usemje om i fleire samanhengar. Derimot er ein ikkje ueinige om at rettferdigjeringa skal føre til at menneske vender seg bort frå synd og urett og prøver å leve i heilaggjering etter Guds vilje.

Lærenemnda seier det kan vere sider ved drøftinga av etiske spørsmål som òg gjeld forkynninga av evangeliet. Dette blir drøfta utførleg i fråsegnene fra 2000, òg med tanke på aktuelle døme. I motstanden mot apartheidregimet i Sør-Afrika kom òg det verdsvide lutherske kyrkjefellesskapet til at ein braut grensa for det ein kan forsvare i eit kyrjeleg fellesskap om Ordet og sakramenta. I Sør-Afrika vart svarte nekta å delta ved same nattverdbordet som kvite, noko som stridde mot sjølve bodskapen i evangeliet om rettferdigjeringa ved trua åleine og den rette bruken av sakramenta. Dette viser kor alvorleg det kan vere når ein er usamnd i lærespørsmål som gjeld etikk, men det kan ikkje brukast som døme på at usemje i det ein kallar ”etiske spørsmål”, generelt eller nødvendigvis er kyrkjesplittande. Ikkje alle spørsmål får på denne måten ein samanheng med forvaltninga av sakramenta og forkynning av evangeliet i kyrkja.

I behandlinga av Tunsbergsaka understreka Lærenemnda at den lutherske læra (særleg i artikkel 7 i Den augsburgske vedkjenninga) rettar merksemda mot det som samlar og skaper einskap i kyrkja, ikkje mot det som splittar. I luthersk lærtradisjon må ein handsame kyrkjesplid som unntakstilfelle og naudsituasjoner, og det verken kan eller skal setjast opp ei generell lære om kva som er kyrkjesplittande.

Lærenemnda understrekar at ho berre tek stilling til spørsmålet med tanke på læregrunnlaget for einskapen i kyrkja, og berre på bakgrunn av usemja om skriftbruk og skriftforståing i denne saka. Spørsmålet om einskap i kyrkja i kyrkjerettsleg meinings og i

ein kyrkjepraksis der det blir etablert sjølvstendige og uavhengige grupper i Den norske kyrkja (nokre kallar seg ”kyrkjelydar”), låg utanfor saka. Lærenemnda understrekar vidare at det er eit felles ansvar for alle i kyrkja å handtere dei belastningane som ulike syn fører med seg, og peikar på at ein ikkje må skjule eller kneble meiningsforskjellar, men heller ikkje overdramatisere dei.

Det er viktig å erkjenne at usemja i vurderinga av homofilt samliv i partnarskap er reell i og med at dei ulike partane i Lærenemnda, og tilsvarande i Bispekonferansen og i Kyrkjemøtet, har sine grunngivne oppfatningar som dei meiner kan og bør ligge til grunn for den praksisen kyrkja har i liturgi, vigslinger og tilsetjingar. Halvparten av Lærenemnda i 2006 seier at endå det i seg sjølv ikkje er problematisk at det går føre seg ein diskusjon om homofilt samliv i kyrkja, kan dei ”ikke se at to uforenlige syn kan være retningsgivende for lære, ordninger og liturgi” (s. 125). Her kjem ein då direkte borti mandatet til Kyrkjemøtet.

Derfor er det ei særleg utfordring for Kyrkjemøtet å tolke det Lærenemnda seier i fråsega si om kva følgjer usemja kan få for einskapen i kyrkja. Både den teologiske usemja i Lærenemnda og spørsmålet om korleis denne usemja eventuelt skal syne att i det som skal vere retningsgivande for ordningane i kyrkja og liturgien, har direkte med vedtaka i homofilisaka i 1995 og 1997 å gjere. Tilsvarande gjeld argumentasjonen til Bispekonferansen i 1997 om kor rimeleg det er å legge fleirtalssynet til biskopane til grunn for det som skulle vere gjeldande ordningar.

### **3. Konteksten for behandlinga av homofilisaka i Kyrkjemøtet i 2007**

#### **3.1 Debatten i kyrkja og i samfunnet**

Horisonten for behandlinga av saka i Kyrkjemøtet i 2007 har endra seg noko sidan 1995 og 1997. Samtalen i kyrkja har langt på veg og i dei fleste samanhengar fått dialogform og blir ført med respekt for meiningsforskjellar. Fråsega frå Lærenemnda viser at det i dag er fleire enn før som ikkje deler fleirtalssynet frå 1997. Samfunnet og kyrkja står midt oppe i ein debatt om partnarskap- og ekteskapslovgiving. Fleire biskopar legg ikkje synspunkta i 97-vedtaket til grunn for embetsutøvinga. Tilsvarande gjeld tilsetningspraksisen i forvaltningsorgana. Det er vorte viktigare enn før å gi kvarandre rett til å ha ulikt syn når dei ulike syna blir angripne frå ulike hald.

Det er viktig å erkjenne at det har vore eit stort skifte i moraloppfatninga når det gjeld homofili og samliv mellom homofile i det norske samfunnet. For mange er det vorte moralsk viktig å ikkje forskjellsbehandle homofile menneske. I Den norske kyrkja har det vore ei markert utvikling i synet på ordna og forpliktande homofilt samliv dei siste femti åra. Homofilt samlevande i partnarskap er valde leiarar og prestar, og fleire av biskopane aksepterer forpliktande homofilt samliv i partnarskap som ei forsvarleg og god ramme for eit samliv. Endringar i etiske vurderingar kan òg kome av forskyvingar i teologien.

Erfaringsmomentet synest til dømes å ha fått ei stadig sterkare vektlegging i teologiske og etiske vurderingar.

Det er krevjande med forandringar i djupe moralske overtydingar når forandringane skjer over tid og dels mellom generasjonar. Det er endå meir krevjande når det til dels skjer samtidig i den forstand at ulike syn lever side om side i ei brytingstid i same organisasjonen. Og det er svært krevjande når det for kyrkja gjeld spørsmål som går på forståinga og bruken av Skrifta, og korleis kyrkja skal hjelpe menneske til å leve i samsvar med kristen etisk rettleiing og med sjølvrespekt i den tida og det samfunnet vi lever i.

Då Kyrkjemøtet drøfta fråseagna frå Lærenemnda i 2006, kom det fram kor krevjande denne saka er for mange enkeltpersonar, for fellesskapet i kyrkja, for arbeidet og for kyrkja som organisasjon. Mange av dei menneska som saka gjeld direkte, ikkje minst homofile og deira nærmaste pårørande, har levt med sterk uro med omsyn til deira plass i kyrkja. Dette gjeld same kva konklusjon dei homofile sjølv har trekt med tanke på homofilt samliv.

Det vart understreka på Kyrkjemøtet i 2006 at tidsfaktoren i seg sjølv er eit aspekt som må leggjast vekt på når Kyrkjemøtet skal behandle saka. Nokre meiner kyrkja må gi seg sjølv god tid i denne saka, medan andre, i tråd med protokolltilførselen, la vekt på at kyrkja snarast råd må behandle spørsmål om kor vidt homofile som lever i partnarskap, skal kunne ha stillingar. Fleire understreka at Kyrkjemøtet må leggje vinn på ei god og samlande behandling av denne saka i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet erkjende at den usemja Lærenemnda dokumenterte og behandla, kjem vi til å ha i kyrkja i mange år framover.

### **3.2 Kyrkjemøtet som representativt organ**

Det er usemje i Lærenemnda om ”hvordan Skriften skal forstås når det gjelder kirkens lære og forkynnelse om homofilt samliv” (*Skriftforståelse og ...* s. 124). Det er òg usemje om kva konsekvensar dette har. Ei slik usemje om forkynninga av lov og evangelium treng nødvendigvis ikkje føre til kyrkjesplitting. Fråseagna frå Lærenemnda gir uttrykk for at det er ei stor utfordring korleis ein skal handtere usemja i høve til ordningar, liturgi og anna. Det er opp til Kyrkjemøtet å drøfte kva dette skal bety for Kyrkjemøtet som ”det representative sentralorgan for menighetene” (sak KM 5/84), og kva slags konsekvensar det og andre kyrklelege organ bør trekke av fråseagna frå Lærenemnda når det gjeld forvaltninga.

Kyrkjemøtet har etablert seg som eit viktig representativt organ i den offentlege debatten, overfor styresmaktene, i økumenisk samanheng og for kyrkjelydane. Dette er det gjort greie for i dei vurderingane om status og styringsrett for Kyrkjemøtet som utgreiinga *Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke* la fram, og som Kyrkjemøtet slutta seg til (KM 2001). Kyrkjemøtet har oppnådd det som i forarbeida til opprettinga vart kalla ”alminnelig anerkjent autoritet”. Dette gjeld ikkje berre på område med delegert styringsrett frå Kongen (bl.a. liturgispørsmål) og på område med retningsgivande

styringsrett (planar og økumeniske spørsmål), men òg der Kyrkjemøtet fastset bindande ordningar (til dømes tenesteordningar og kvalifikasjonskrav for tilsette). Det ansvaret Kyrkjemøtet har for å fremje samarbeidet i kyrkja, følgjer og understrekar den koordinerande oppgåva til Kyrkjemøtet. I fastsetjinga av økumeniske relasjonar har Kyrkjemøtet det øvste myndet, men det har delegert viktige oppgåver til Mellomkyrkjeleg råd.

### **3.3 Endring av vedtak i Kyrkjemøtet?**

Kyrkjemøtet tok med stort fleirtal i 1995 og 1997 standpunkt i homofilisaka og vedtok retningslinjer for forvaltninga. Dei som valde dette standpunktet, støtta seg teologisk til eit fleirtal i Bispemøtet og uttrykte såleis at det ikkje

.. er funnet tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv.

Kyrkjemøtet ba om at biskopar og tilsetningsorgan la så stor vekt på desse retningslinjene at ein burde kome med særskilde grunngivingar når ein av samvitsgrunnar følgjer ein annan praksis enn vedtaket i Kyrkjemøtet legg opp til (sak KM 08/01). At nokre bispedømmeråd og biskopar har valt å ikkje følgje desse retningslinjene, og i nokre tilfelle òg utan å grunngi det spesielt, har nokre biskopar og andre i kyrkja oppfatta som svært problematisk. Det er vorte appellert til lojalitet mot vedtaket i Kyrkjemøtet. På den andre sida har fleire biskopar og bispedømmeråd gitt uttrykk for at det i lengda er svært vanskeleg å ikkje forvalte oppgåvene sine ved tilsetjing og vigslig i tråd med overtydinga deira.

I saker som gjeld utvikling eller endring av generelle normer i samfunns- og kyrkjelivet, er det av erfaring ulike fasar. Denne saka er truleg den første i sitt slag som har vore drøfta så grundig i dei demokratiske organa i Den norske kyrkja. Spørsmålet om kvinneleg presteteneste og om skilsmiss og gjengifte vart i hovudsak debattert og sjølve ordninga til ei viss grad behandla før Kyrkjemøtet vart etablert. I samtalar med representantar frå andre kyrkjer som, heilt uavhengig av kva statlege styresmakter meiner, må fastsetje kva dei skal stå for, blir det peika nettopp på vanskane i overgangen mellom ein generell debatt og vedtak om eventuelle endringar av gjeldande lærespørsmål og reglar i ei kyrkje.

I denne hovudretningsfasen, etter og dels parallelt med ein generell diskusjon om saka i samfunnet, har det vore ein lenger fase med teologisk drøfting og diskusjon. Etter 10 år med forsterka debatt og teologisk arbeid bør Kyrkjemøtet no drøfte om ein skal handtere usemjå i homofilisaka når det gjeld ordningane, på ein annan måte enn i 1997. Det inneber at Kyrkjemøtet må vurdere kva slags teologiske grunngivingar ein skal leggje mest vekt på. Då vil Kyrkjemøtet samtidig måtte drøfte om det i og med fråsegna frå Lærenemnda er gitt teologiske grunnar som er overtydande nok til å opne for ein annan praksis enn før. Men Kyrkjemøtet må òg drøfte og vurdere om det framleis skal leggje til rette for ein hovudframgangsmåte gjennom retningslinjer og rettleiing for korleis andre

kyrkjelege organ bør handtere det faktum at ein ikkje har vorte einige om hovudspørsmålet.

I hovudsak bør behandlinga i Lærenemnda og fråsegna frå Lærenemnda kunne leggjast til grunn for dei vurderingane som skal gjerast med omsyn til det teologiske grunnlaget. Derfor er det ikkje lagt opp til ein eigen teologisk gjennomgang av spørsmåla i dette sakspapiret. Men debatten etter fråsegna frå Lærenemnda har vist at den avgrensinga Lærenemnda har gjort av mandatet sitt, etter det nokre meiner, har ført til at viktige sider ved homofilisaka som etisk problem ikkje er godt nok utgreidde. Kyrkjemøtet må avgjere om dette veg så tungt at det trengst meir utgreiing før Kyrkjemøtet eventuelt drøftar homofilisaka og sine tidlegare vedtak på nytt.

### **3.4 Behandling av usemje i Kyrkjemøtet – semje om behandlingsform**

Kyrkjemøtet har i større prinsipielle saker lagt stor vekt på, så langt råd er, å kome fram til samla vedtak. Også når Kyrkjemøtet drøftar saker som verkar inn på handlingsrommet for det som gjeld ordningane for ulike organ i kyrkja, bør ein leggje vinn på å kome fram til mest mogeleg samla vedtak. Når det gjeld eventuell vidare behandling av denne saka i Kyrkjemøtet, meiner Kyrkjerådet at det er viktig for behandlinga i Kyrkjemøtet om ulike partar

- a) sluttar seg til ei hovudlinje i vurderinga til Lærenemnda, nemleg at vurderinga av homofilt partnarskap er eit viktig og krevjande lærespørsmål, men at det ikkje er eit kyrkjekonstituerande spørsmål, og at den påviste usemja i dette spørsmålet ikkje nødvendigvis treng å føre til splitting i kyrkja,
- b) innser kor viktig og vanskeleg saka er for andre partar,
- c) er villige til å gi dei som står for ein annan hovudkonklusjon, rett til å ha sitt syn. Kyrkjemøtet må så ta konkret stilling til korleis ein skal utdjupe dette i praksis, sjå kapittel 4.

Slik kan Kyrkjemøtet gi uttrykk både for at det ser alvoret i homofilisaka og hjelper til med å finne vegar vidare i den fasen saka no er komen i.

### **3.5 Homofilisaka og dei økumeniske relasjonane til Den norske kyrkja**

I mange kyrkjer diskuterer ein om ein skal forstå den bibelske og kyrkjelege tradisjonen på ein annan måte, eller om ein skal endre han i lys av ei ny haldning til homofili og ordna, livslangt homofilt samliv som alternativ samlivsform. Det er framleis slik at størstedelen av kyrkjene i verda ikkje har opna for noka endring, oftast med tilvising til at ei slik endring ikkje har støtte i den kristne lærertradisjonen om ekteskap og seksualliv. I nokre kyrkjer blir det dessverre gitt støtte til aktiv forskjellsbehandling av homofile. I dei kyrkjene som har opna for å akseptere ordna og forpliktande homofilt samliv, er grunngivinga først og fremst pastoral og diakonal, dels basert på rettar. Det blir gjerne argumentert med at òg homofile kan og bør leve i ordna, forpliktande samliv, og at dette ikkje rokkar ved at ekteskapet mellom kvinne og mann er den grunnleggjande samlivsforma som kyrkja held seg til og velsignar.

I denne saka finn vi att same usemja som i Den norske kyrkja, mellom ulike grupper i andre kyrkjer i vår nære kulturkrins i Noreg, Norden, Europa elles, i Nord-Amerika og dels i andre delar av verda (som Latin-Amerika og Sør-Afrika). Også ein del leiarar i fleire kyrkjesamfunn i Noreg har uttrykt stor skepsis til å akseptere ordna og forpliktande homofilt samliv. I ein del tilfelle er det drege ulike konklusjonar med tanke på ordningsspørsmål i kyrkjer i fleire av dei ulike konfesjonsfamiliane: reformerte, anglikanarar, metodistar, lutheranarar. Mest problematisert er det blant anglikanske kyrkjer. Det kom klart fram på ein konsultasjon i desember 2006 i Sverige mellom Porvoo-kyrkjene. Det er ulike syn i den engelske kyrkja og mellom dei ulike anglikanske kyrkjene på korleis kyrkjer skal møte utfordringa med homofile parforhold. I nokre kyrkjesamfunn synest spenninga å ha vokse siste året.

Blant lutherske kyrkjer er usemja open og tydeleg seinast ved LVFs rådsmøte i mars 2007. Representantar for lutherske kyrkjer i delar av Afrika, i Asia og i dei baltiske landa og nokre andre austeuropeiske land oppfattar homofile seksuelle handlingar som synd. Mange av dei lutherske kyrkjene diskuterer spørsmålet intenst internt utan å ha kome til nokon felles konklusjon, men fleire kyrkjer har nok framleis ikkje gått tungt inn i spørsmålet. I nokre kyrkjer vurderer ein partnarskap som ei god og akseptabel ordning for samliv mellom to menneske av same kjønn, så som den lutherske kyrkja i Sverige, på Island, i delar av Tyskland, i Austerrike, Nederland med fleire.

I den lutherske kyrkja i USA er det ei tilsvarande usemje som i Den norske kyrkja. Då saka vart behandla på generalsynoden i 2005, vart ein einig om å godta at det er usemje i denne saka, og at begge syna har kyrkjeleg legitimitet. Men det vart ikkje semje om å legge til rette for ulik praksis med omsyn til vigsling/ordinasjon av homofilt samlevande. Dette utgjer ei sterkt spenning i denne kyrkja. Saka kom oppatt i 2007 utan anna resultat enn at synoden oppfordra til å ikkje vere fordømmande overfor dei som har lagt opp til ein noko meir liberal praksis.

I dokumentet frå LVFs rådsmøte er det lagt vekt på evangeliet om rettferdiggjering ved tru og av nåde åleine som det sentrale og berande i læra til kyrkja, og dermed som grunnlag for einskapen i kyrkja. Spørsmål om seksualliv og familieliv har ikkje same lærestatusen og dermed ikkje den same konstituerande betydninga for einskapen i kyrkja sjølv om dei er kompliserte og viktige. LVFs råd utarbeidde òg retningslinjer for korleis samtalen bør førast vidare for å hindre store spenningar i og mellom kyrkjene i denne saka. Desse retningslinjene vart samrøystes vedtekne.

I den tyske evangeliske kyrkja, som omfattar fleire "Landeskirchen", har ein ikkje vedteke felles retningslinjer eller ordning med tanke på å godta homofilt samliv. Ein har innsett at det er ulike syn og grunn til å vente ulik praksis i ulike landsdelskyrkjer, og at det ikkje truar kyrkjefellesskapet i seg sjølv.

Dei ortodokse kyrkjene og den romersk-katolske kyrkja godtek ikkje noko anna enn ekteskap mellom mann og kvinne, og såleis ikkje homofilt partnarskap. Nokre av dei er sterkt kritiske til kyrkjer som offisielt har godteke homofilt partnarskap ved å innføre ein eigen liturgi for velsigning av samlivet mellom to som har inngått partnarskap, jf.

reaksjonane i den russisk-ortodokse kyrkja på dei vedtaka som den svenske kyrkja har gjort. Reint generelt godkjener ikkje dei ortodokse eller katolikkane nokon av embeta i Den norske kyrkja, same om det til dømes er menn eller kvinner som har embeta. Derfor er det vanskeleg å sjå at spørsmålet om dei skulle godta homofilt samlevande prestar i partnarskap, isolert sett skulle vere avgjerande for det tilhøvet Den norske kyrkja har til desse kyrkjene. På den andre sida er det viktig å vere merksam på at økumenisk arbeid er ein krevjande og sårbar prosess, og at vedtak som opnar for vigslig og tilsetjing av homofilt samlevande, kan bremse framsteg med omsyn til samarbeid og felles forståing.

Dei evangelikale kyrkjene i ulike delar av verda har oftast eit restriktivt syn på homofilt samliv og grunngir det ofte med direkte bibeltildisingar. Det gjeld i Noreg òg. Det blir registrert at det er diskusjonar om homofilisaka i norske frikyrkjer òg, sjølv om dei offisielle standpunktene jamt over er restriktive. Det er nokre teikn som tyder på meir opne drøftingar av homofilt samliv i nokre av frikyrkjene i Noreg, og at det er ein viss aksept for homofilt partnarskap som ei forsvarleg borgarleg ordning.

Den norske kyrkja er ikkje forplikt til å ha same meiningsa eller praksisen i denne saka som andre kyrkjer, men har visse plikter til å konsultere og informere i viktige saker i høve til lutherske kyrkjer, Metodistkyrkja, dei protestantiske kyrkjene i Europa og dei anglikanske kyrkjene som er med i Porvoo-fellesskapet. Slik konsultasjon og informasjon har alt starta og vil halde fram når det er klart kva slags forslag som blir lagt fram for Kyrkjemøtet til behandling.

### **3.6 Den norske kyrkja og kristne/kyrkjelege organisasjoner**

Frivillige kristne/kyrkjelege organisasjoner og institusjonar i Noreg har ulike teologiske ståstedar i homofilisaka og av dette ulike haldningar til tilsetjing, vigslig og samarbeid mellom organisasjonane og ulike kyrkjelege organ.

Åpen Kirkegruppe for Lesbiske og homofile har i ulike samanhengar uttrykt at det er

.. viktig at lesbiske og homofile i partnerskap vurderes på lik linje med andre søker for ansettelse på alle plan i Den norske kirke. Lesbisk og homofilt samliv skal ikke lenger være en legitim diskrimineringsgrunn i Den norske kirke (...) (og) at det utarbeides en liturgi for velsignelse av inngått partnerskap (i innspel til Kyrkjerådet 27.08.07).

Til Helhet, ”et tverrkirkelig kontaktforum som vil holde fram det positive syn på seksualitet og samliv som Bibelen beskriver” (presentasjon på heimesida), ønskjer ikkje at kyrkja endrar syn og praksis. Forumet meiner det ikkje er ført i marka tunge nok argument for endring, og at to likestilte syn vil setje forkynning og sjelesorg i kyrkjelyden i eit umogeleg dilemma.

Nokre organisasjonar har gjort det klart at dei ikkje vil tilsetje homofile som lever i partnarskap, og heller ikkje bruke dei som leiarar/forkynnaraar på frivillig basis. Det gjeld bl.a. Norsk Luthersk Misjonssamband og Indremisjons forbundet. I fråsegna ”Bibelsk

veiledning om kjønn, sex og samliv” fra NLMs hovudstyre i januar 2005 står det: ”De ulike tekstene vi møter, og som vi er forpliktet på, er entydig negative til homofilt samliv. Vår veiledning kan ikke si noe annet enn Guds ord i dette spørsmålet.”

For nokre organisasjonar, til dømes Kyrkjas Naudhjelp, har ikkje denne problemstillinga vore aktuell, og derfor har dei ikkje handsama spørsmålet spesielt. Nokre organisasjonar har behandla spørsmålet spesielt, men har ingen restriksjonar knytte til samlivsform ved tilsetjing. Noregs KFUK–KFUM gjorde i desember 2006 vedtak om at ”mennesker som lever i registrerte partnerskap kan inneha stillinger og verv på alle nivå i Norges KFUK–KFUM.” Kyrkjas Bymisjon uttrykkjer dette meir generelt knytt til verdigrunnlaget under overskrifta *Rettferdighet*:

Alle mennesker har de samme grunnleggende rettigheter og forpliktelser. Dette gjelder for alle uansett kultur, hudfarge, religion, sosial status, seksuell legning, kjønn eller annet. Alle har rett til liv, helse, bolig, utdanning, arbeid, religionsutøvelse og rettsikkert. Dette er begrunnet i alle menneskers unike verdi.

Noregs Kristelege Studentforbund er den organisasjonen som i tillegg til Åpen Kirkegruppe klarast støttar dei homofile i kampen for like rettar. Dette gjeld likt tilgjenge til stillingar, men òg retten til å inngå ekteskap. I ein resolusjon frå landsmøtet i 2005 står det:

I lys av den pågående debatt om kjønnsnøytralt ekteskap ønsker Norges Kristelige Studentforbund å uttrykke sin støtte til homofiles kamp for like rettigheter. Dette må selvsagt inkludere retten til å inngå ekteskap (...) Forpliktet av den kristne nestekjærligheten og omsorg for barna, gir vi vår fulle støtte til kjønnsnøytrale ekteskap.

Den norske kyrkja har gjennom SMM eit samarbeid med Det Norske Misjonsselskap, Normisjonen, Den Norske Israelsmisjon, Den Norske Tibetmisjon, Areopagos og Misjonsalliansen. Ikkje alle desse har hatt ei formell handsaming av spørsmålet om tilsetjing av homofilt samlevande. Generalsekretæren i Israelsmisjonen har i eit profilforedrag i år markert at organisasjonen vil seie klart i frå at kyrkja har stilt seg utanfor norma i Bibelen dersom Kyrkjemøtet legitimerer homofilt samliv.

Det norske Misjonsselskap skriv i *Fellesskap, samliv og seksualitet*, eit samlivsetisk profildokument som skal opp på rådsmøtet i oktober 2007:

Vi erkjenner videre at det både i vårt samfunn, vår kirke og blant NMSs ansatte og tillitsvalgte er mennesker som har ulike oppfatninger i spørsmålet om homofilt samliv. Dette skaper en åpenbar spenning. Den søker vi å leve med ved at NMS som organisasjon står for ett syn og har en konsekvent ansettelsespraksis, samtidig som vi åpent inviterer mennesker til å delta i vårt arbeid, uavhengig av hvilket standpunkt de måtte ha i saken.

Normisjon skriv i sine retningslinjer

.. at samboerskap og utenomekteskapelig samliv er i strid med Guds ord og ikke forenlig med frivillig tjeneste i Normisjon. Det samme gjelder homofilt samliv. Homoseksuell legning er imidlertid ikke gjenstand for fordømmelse i Skriften, og homofile som ønsker å leve etter Guds ord er derfor på lik linje med andre velkomne inn i tjenesteoppgaver.

Også i Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar vil det vere ulike standpunkt, tilsvarende dei som er skisserte.

Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet held seg i tilsetjingssaker

.. til de vedtak som fattes i kirkemøtet for Den norske kirke. Dette innebærer at Sjømannskirken ikke ansetter personer som lever i partnerskap/homofilt samliv i stillinger i det operative arbeidet i organisasjonene (i *Vilkår for ansettelse i Sjømannskirken – Den norske kirke i utlandet*).

Organisasjonen viser til vedtaket i Kyrkjemøtet i 1997 når det gjeld tilsetjingssaker, og til det arbeidsmiljølova seier om den plikta arbeidsgivaren har til å informere i utlysingar om ein tek etterhald ved tilsetjing av personar som lever i partnarskap / homofilt samliv.

## 4. Dei aktuelle saksspørsmåla for Kyrkjemøtet 2007

Oppgåva til Kyrkjemøtet er å medverke til at Den norske kyrkja handsamar homofilisaka ut frå det heilskapskyrkjelege mandatet som Kyrkjemøtet har, med ansvar for saker av felleskyrkjeleg karakter, og med ansvar for å fremje samhald, samarbeid og einskap i kyrkja.

I kapittel 1.1. er det gjort greie for den grunngivinga Kyrkjerådet ga i 2006 for å behandle vigsling og tilsetjing av homofilt samlevande i partnarskap på nytt. I tillegg blir det vist til protokolltilførselen på Kyrkjemøtet i 2006. Fleirtalet i Ungdommens kyrkjemøte 2007 ønskjer, i tråd med innspel frå blant andre Åpen Kirkegruppe, at Kyrkjemøtet ikkje skal gjenta retningslinjevedtaket frå 1995/97.

Det er i fleire samanhengar teke opp om Kyrkjemøtet bør utsetje saka. Blant anna blir det stilt spørsmål ved om fråseguna frå Lærenemnda, i tråd med det mandatet Lærenemnda har, gir eit breitt nok fagleg grunnlag for Kyrkjemøtet til å ta stilling til spørsmålet om homofilt samliv som etisk utfordring i dag. Dersom Kyrkjerådet sluttar seg til ei slik forståing, kan Kyrkjemøtet i år drøfte kva kyrkja no treng av utgreiingar for å få eit godt nok fagleg grunnlag til å vurdere om ein bør føre vidare vedtaka frå 1995/97 eller ikkje (4.1). I realitetten munnar dette ut i eit forslag om å føre vidare vedtaka frå 1995/97 medan utgreiingsarbeidet held fram.

Dersom Kyrkjerådet meiner at fråseguna frå Lærenemnda gir eit godt nok grunnlag for å drøfte homofilisaka medrekna vedtaka frå 1995/97, bør drøftinga skje med tanke både på den aktuelle situasjonen i Den norske kyrkja og i det norske samfunnet og på drøftingar i det lutherske fellesskapet vårt og i dei andre økumeniske relasjonane til kyrkja (4.2–4.3).

Ei slik drøfting kan munne ut i eit forslag om å ikkje føre vidare vedtaka frå 1995/97. I dette kapittelet presenterer og vurderer vi argument for og mot begge dei mogelege vedtaka i Kyrkjemøtet.

I dette kapittelet tek vi òg med ei litt breiare behandling av nokre arbeidsrettslege problemstillingar knytte til tilsetjing, diskriminering i arbeidslivet, tenestebrev og relasjonar mellom biskop og tilsetjingsorgan (4.4). Spørsmål som gjeld det ansvaret biskopen har for ordinasjon/vigsling (4.5), og liturgiske spørsmål knytte til eventuell forbønshandling for homofile som har inngått partnarskap (4.6), får ei eiga behandling.

#### **4.1. Er behandlinga i Lærenemnda grundig nok til å ta saka opp på Kyrkjemøtet i år?**

Den avgrensinga Lærenemnda har gjort i arbeidet sitt med homofilisaka, er brukt som argument for å utsetje saka. Lærenemnda har, i tråd med si tolking av mandatet, berre i ei viss grad kunna bruke materialet om samlivsspørsmål i kultur- og samfunnsperspektiv som det trekkjer fram i fråsegna (s. 25–32). Før ein gjer endeleg vedtak, er det nødvendig med ein ”bred samfunnsetisk kontekst” (*Skriftforståelse og ...* s. 22) der behandlinga av endra rammer for samlivsformer og familie, kulturanalysar og kjønnsteoretiske arbeid kan leggjast til rette i høve til lærespørsmåla og forvaltningspraksisen i kyrkja.

Det blir argumentert med at ei endring av vedtaka frå 1995 kan få den konsekvensen at kyrkja blir splitta lokalt, sjølv om spørsmål av denne karakteren ut frå eit luthersk kyrkjesyn ikkje skal ha slik verknad. Kva vil skje med ”den opne folkekirkja”?

Tilsvarande gjeld uvissa rundt dei økumeniske relasjonane i eige land og internasjonalt. Begge desse argumenta for utsetjing er tekne opp og vurderte seinare i kapittel 4.

Det er reist spørsmål om ei endring av vedtaka i 1995/97 vil formidle eit uklart inntrykk av kva syn kyrkja har på ekteskapet. Fram til no har ei samla kyrkje og nesten alle andre trussamfunn og kyrkjesamfunn skilt mellom ekteskapet og andre samlivsformer. Kva vil ei slik likestilling av samlivsformer få å seie for forståinga av ekteskapet som institusjon? Spørsmålet er aktualisert i samband med forslaget til ny ekteskapslov som Kyrkjemøtet handsamar i ei eiga sak. I den grad Kyrkjemøtet konkluderer med ei klar forståing av ekteskapet i tråd med tidlegare fråsegner frå kyrklege organ, vil dette kunne balansere konsekvensane dersom vedtaka frå 1995/97 blir endra.

Den kristne kyrkja har så å seie samla og heilt fram til vår eiga tid hatt eitt og same synet i denne saka. Det er argumentert med at det derfor bør vere spesielt gode grunnar for at Den norske kyrkja skiftar syn og legitimerer dette i ordningane sine.

Ein fase med vidare utgreiing knytt til problemstillingane ovanfor, og ei vidare gjennomarbeiding av forholdet mellom bibelmaterialet og det omfattande erfaringsfeltet som er relevant, vil bety at vedtaka frå 1995/97 blir ståande som det offisielle synet til kyrkja.

Samla sett er vurderinga i saksframlegget hittil at ei utsetjing neppe endrar på at det framleis vil utvikle seg ulik praksis knytt til biskopar og tilsetjingsorgan. Konsekvensane av ei utsetjing blir derfor om lag dei same som om Kyrkjemøtet vedtek å ikkje vidareføre retningslinjene i vedtaka frå 1995/97. Men det er mogeleg at praksisen i kyrkja arbeidsrettsleg vil vere noko tryggare i høve til arbeidsmiljølova og unntaksreglane frå diskrimineringsforbodet.

Ungdommens kyrkjemøte har behandla og vurdert spørsmålet om kva slags konsekvensar eit offisielt kyrkjeleg syn som legitimerer homofilt samliv i partnarskap, vil få i ein kultursituasjon med ei svært mangfaldig rettleiing i seksuelle spørsmål, og der kyrkja ikkje minst gjennom ungdomsarbeidet sitt møter menneske som er på leiting etter identitet. I vedtaket frå UKM er det understreka at "... viktigare (enn at leiarar på alle sider framleis arbeider for si sak) er det at leiarane i kyrkja arbeider med korleis ein på ein god måte skal handtere usemje i lærespørsmål der mange er sårbare."

UKM konstaterer at den usemja som er i kyrkja, vil vere der i åra framover. Derfor ønskjer UKM seg retningslinjer, ein slags ver-varsam-plakat, som gjer at debatt og språkbruk ikkje krenker menneskeverdet eller integriteten til den enkelte. Den arbeidsmåten UKM ber om, bør ein følgje opp konkret anten Kyrkjemøtet utset drøftinga av vigslig og tilsetjing av homofilt samlevande eller ikkje.

## **4.2 Korleis handtere usemja om det teologiske grunnlaget for vedtaket i Kyrkjemøtet?**

Ein kan argumentere med at tankegangen til Kyrkjemøtet i 1995/97 om å la fleirtalssynet gjelde for felles praksis, gjer det nødvendig at Kyrkjemøtet no drøftar om det framleis har grunnlag for å seie at "Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv."

Vurderinga av dei teologiske grunngivingane som låg føre, særleg i fråsegner om homofilisaka frå eit fleirtal i Bispemøtet i den same perioden, var ein viktig premiss for retningslinjene i kyrkjemøtevedtaka i 1995/97. Det var tydeleg formulerte alternative synspunkt frå fleire av biskopane og medlemmene i Kyrkjemøtet den gongen òg, og vedtaka gir noko rom for ulike syn. Det gjeld dels omtalen av den vidare samtalen i kyrkja, dels i skiljet mellom stillingar som krev vigslig, og dei som ikkje gjer det, i tillegg til referansen til lokale forhold.

Når Kyrkjemøtet drøftar homofilisaka, må det vurdere det teologiske grunnlaget for vedtaka sine på nytt ettersom det ikkje er eit klart fleirtal og mindretal verken i Lærenemnda og eller i Bispemøtet. Fråsegna frå Lærenemnda og den førebelse behandlinga av saka på Kyrkjemøtet i 2006 gir signal om at det ikkje er eit tilsvarande klart fleirtal for kva som bør vere det teologiske grunnlaget. Det er neppe mogeleg å argumentere med at eit fleirtalssyn skal ligge til grunn for all praksis i kyrkja.

Ein kan ha ulike haldningar til den aktuelle usemja same kva ein meiner om hovudspørsmålet. På begge sider kan det vere dei som vil hevde at denne saka er så alvorleg at ein finn det vanskeleg eller umogeleg å vere i same kyrklege fellesskap som dei med motsett syn. Grunngivinga kan vere at ein meiner det andre synet er i strid med det kyrkja lærer, og at ein ikkje kan leve med ei kyrklege rettleiing som samsvarer med det synet ein tek avstand frå. Slik var situasjonen i Tunsbergsaka. Då sa ei nesten samla Lærenemnd at usemja i homofilisaka ikkje nødvendigvis må føre til brot i kyrkjemøtet, sjå kapittel 2.3.

Når det ikkje berre er spørsmål om forskjellig syn, men òg om ordningane og praksisen i kyrkja, vil nokre finne det endå meir problematisk. Den eine halvparten i Lærenemnda hevdar at det ligg føre ”to uforenlige syn i kirken i denne saken”, og grunngir det med at det andre synet etter deira vurdering ikkje har ei overtydande bibelsk grunngiving. Dei utdjupar det særleg med tanke på kva som kan vere retningsgivande for lære, ordningar og liturgi (s. 125). Det er denne gruppa som står for det synet som vart lagt til grunn for vedtaka i 1995/97. Med si utsegn støttar dei at ein vidarefører resonnementet frå 1995/97 der berre eitt teologisk syn skal ligge til grunn for retningslinjene for Kyrkjemøtet. Alvoret i saka blir frå deira side uttrykt i premissane i den bibelske grunngivinga og i uttrykket ”to uforenlige syn”.

Denne gruppa, bortsett frå eitt medlem, held fram med denne argumentasjonen i ei særfråsegn, der dei tek opp sider ved ordningane som no kjem opp for Kyrkjemøtet (s. 137). Der skjerpar dei argumentasjonen frå side 125 med å seie at ”etter vår skriftforståelse er det ikke teologisk grunnlag for å anerkjenne homofilt samliv”. Der bruker dei òg uttrykket ”uforenlig” i denne samanhengen: ”Det er også uforenlig med vår forståelse av og forpliktelse på Skriften å vigslle, tilsette og bruke samlevende homofile i vigslede stillinger i kirken.” Dette blir ført vidare i denne konklusjonen: ”En slik praksis vil svekke tilliten til Skriften som basis for det løftet som avlegges ved vigslingen til tjeneste i kirken.” Sjølv om det her blir gitt ein karakteristikk av ein praksis som inneber å godta ordna og forpliktande homofilt partnarskap (som ”å svekke tilliten til Skriften”), kjem denne gruppa ikkje fram med nokon klar konklusjon på korleis ho vil stille seg til dei som let og framleis vil la eit anna syn kome til uttrykk i praksis.

Fråsegna frå Lærenemnda handsamar ikkje denne særfråsegnen, og det er heller ikkje gitt noko svar i fråsegna frå Lærenemnda frå andre medlemmer i Lærenemnda på denne særfråsegnen.

Det er ikkje kome nokon tilsvarande konkluderande utsegner frå den andre gruppa i Lærenemnda, dvs. utsegner som gir uttrykk for å problematisere lojaliteten til den andre parten mot Skriften. Men på nokre punkt i votumet deira (”samlende resonnementer fra nemndsmedlemmene”, sjå s. 87 ff) kjem dei med kritiske synspunkt på det som har vore tradisjonelle syn og praksis i kyrkja. Det blir sagt at ”det ikke er mulig for oss å støtte en argumentasjon som trekker i retning av å skille ut homoseksuelle og behandle dem som ”annerledes” mennesker” (s. 91). Det blir òg sagt at ”å frata mennesker denne mulighet til å utfolde sin kjærlighet på en ansvarlig måte, kan oppleves som en krenkelse av deres menneskeverd” (s. 92). Det blir òg konkludert med at ”Kirken har ofte gjort urett mot

mennesker, både av vanvare og ved å videreføre tidligere generasjoners normer, oppfatninger og holdninger.” ( s. 93).

Denne gruppa har ikkje argumentert direkte med at ulike syn ikkje let seg sameine teologisk eller praktisk, men det er fremja til dels sterke kritiske synspunkt mot dagens praksis og konsekvensane av han. Det er heller ikkje argumentert med at den ordninga vi har i dag, er heilt utan grunngiving i Skrifta eller utan kyrkjeleg legitimitet. Dette kan vere uttrykk for at ein har respekt for at det tradisjonelle synet og praksisen i kyrkja har hatt og har si grunngiving i Skrifta og i den kyrkjelege tradisjonen, men at det no er viktige grunnar til å tolke og bruke Skrifta på ein annan måte. Det opnar for argumentasjonen for å endre den kyrkjelege tradisjonen og praksisen tilsvarande. Kor vidt dette kan skje utan å direkte avvise eller fordømme det tradisjonelle synet i kyrkja, er ikkje eksplisitt kommentert. Men det er ikkje gitt uttrykk for at ein ikkje kan leve i same kyrkja som dei som forfektar det tradisjonelle synet. Økumenisk må ein rekne med at det kan vere ei viss utvikling når det gjeld kva kyrkjene meiner og praktiserer, men at det i nær framtid vil vere mange kyrkjer som held fast på den restriktive linja.

Det må vere ei klar målsetjing for Kyrkjemøtet at drøftinga av det teologiske grunnlaget for dei avgjerdene det skal ta vidare, kan skje utan at sakshandsaminga blir ein ny runde med dei spørsmåla Lærenemnda behandla, det vil seie skriftbruken og skriftforståinga.

Dette gjeld òg spørsmålet om korleis homofile opplever menneskeverdet sitt. Alle vil halde fast på at dei homofile har eit gudgitt menneskeverd, også dei som ut frå si forståing av Skrifta ikkje kan godta homofilt samliv. Bortsett frå eitt medlem held nemnda fast på at dei resonnementa som er representerte ved nemndmedlemmene i fråseagna, ikkje har til intensjon eller med rimeleg grunn kan seiast å krenkle menneskeverdet til dei homofile (s. 130). Men nokre er opptekne av at det tradisjonelle kyrkjelege synet kan gi homofile menneske ei oppleveling av å vere rekna som andrerangs. Til forståinga av menneskeverdet, sjå òg kapittel 4.1.

Når Kyrkjemøtet drøftar det teologiske grunnlaget for sine vidare avgjerder, bør det vurdere spørsmålet om kva som ikkje let seg sameine. Ut frå ei praktisk og logisk vurdering kan ein ikkje samtidig seie både ja og nei til same spørsmålet om tilsetjing av ein gitt person i ei gitt stilling. Derfor er det relevant å seie at dersom ein ikkje alltid skal seie nei til vigsling, tilsetjing og forbøn for homofilt samlevande i partnarskap, seier ein i praksis ja fordi kyrkja då ikkje lenger seier nei i alle tilfelle. Dette er ei form for praktisk vurdering som gjeld i alle slags saker. Spørsmålet i homofilisaka er om ein no kan rekne det som uråd å sameine det at ein legg ulike syn til grunn for ulik praksis i kyrkja, eller om to ulike syn, slik Lærenemnda teologisk grunngir dei, gir grunnlaget for ordningar som gjer at ein seier ja i nokre tilfelle og på nokre stader, men ikkje i alle tilfelle og alle stader i kyrkja. Sjølv om dette ikkje er kyrkjesplittande med tanke på Den norske kyrkja som eit trussamfunn med felles læregrunnlag, må ein gi rom for å drøfte kor vidt enkeltmedlemmer og grupper eventuelt opplever dette som ein splitta kyrkjevardag.

Det er vesentleg at Kyrkjemøtet og andre kyrkjelege organ handsamar homofilspørsmålet så grundig som ei slik sak fortener. Saka er svært viktig med tanke på

tilhøvet mellom kyrkja og ei av medlemsgruppene hennar og ei gruppe som ikkje er homogen. Denne tilnærminga i saka gir alle partar rom til å framheve alvoret i saka, samtidig som alle blir oppmoda om å strekkje seg langt for å finne måtar å leve med den aktuelle usemjå på.

### 4.3 Kva bør Kyrkjemøtet ta stilling til no?

Kyrkjemøtet bør i denne situasjonen ta *til etterretning* at fråsegna frå Lærenemnda viser at det ikkje er brei teologisk konsensus i denne saka. Det er ein annan situasjon enn i 1995 og 1997. Kyrkjemøtet behandla spørsmålet ut frå føresetnadene den gongen. No ligg det føre ei grundig handsama fråsegn med dokumentert usemje om vurderinga av ordna homofilt samliv. Etter lang og omfattande behandling i Lærenemnda, det offisielle læreorganet i kyrkja, er det vesentleg semje i forståinga av bibeltekstane og av den utfordringa kyrkja står overfor, men det er ulik oppfatning av korleis ein skal bruke bibeltekstane i dag, og kva slags heilskapsperspektiv som skal dominere konklusjonen. I denne behandlinga har òg biskopane, som har ansvar for det kyrkja lærer, delteke og gitt sine vurderingar. På den måten er det gitt uttrykk for ulike standpunkt som kvar for seg har nokså stor oppslutning, og som ein med rimeleg grunn må rekne som offentlege uttrykk for lærevurderinga av dette spørsmålet i Den norske kyrkja.

Mandatet til Kyrkjemøtet er ikkje av ein slik art at det kan overprøve lærevurderinga i Lærenemnda. Derfor er det problematisk for Kyrkjemøtet å uttale seg *på den måten* det vart gjort i 1995 og 1997 ("KM finner ikke tilstrekkelig teologiske grunner til ..."). Formuleringsa av grunngivinga for vedtaka i 1995 og 1997 kan heller ikkje seiast å vere dekkjande lenger. Slik situasjonen er i dag, er det derfor òg lite tenleg å prøve å få stor oppslutning om berre ei vurdering av homofilt samliv.

I fråsegna frå Lærenemnda frå 2006 er det brei konsensus om at kyrkja må byggje vurderingane sine i spørsmål som dette på det læregrunnlaget som er gitt i Skrifta og i dei oldkyrkjelege og lutherske vedkjenningsskriftene, og tolke og bruke det etter beste skjøn i møte med dei utfordringane kyrkja står overfor. Det er grunn for Kyrkjemøtet til å understreke dette.

Med ein slik bakgrunn er det ikkje grunn for Kyrkjemøtet no å ta opp til votering om Den norske kyrkja har det eine eller andre offisielle *synet* på ordna homofilt samliv. Same kva fleirtalet i så måte ville bli, vil det vere ulike syn på dette som med rimeleg grunn må kunne reknast som ansvarlege og offisielle kyrkjelege syn. Det vil òg verke underleg om Kyrkjemøtet eksplisitt vedtek at Den norske kyrkja har minst to syn i den aktuelle saka.

Hovudoppgåva for Kyrkjemøtet blir då å vurdere kva Kyrkjemøtet vil gjere i denne saka i ramma av dei oppgåvane Kyrkjemøtet har. Det kan dels vere å gjere vedtak som handlar om dei spesielle oppgåvane som ligg til Kyrkjemøtet. I denne samanhengen gjeld det særleg liturgiske ordningar for gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dessutan har det vorte ein viss praksis for å gi råd og tilrådingar (ein slags rett til å setje opp retningslinjer) ut frå eit overordna ansvar for livet og einskapen i kyrkja. I og med at det ikkje er grunn til å vente seg noka brei semje i Kyrkjemøtet om ein liturgi for velsigning eller forbøn for

homofile par, og fordi det er viktig å ha brei oppslutning om vedtak om felles liturgiar i kyrkja, er det ikkje retta merksemrd mot den sida av saka. Signala frå Kyrkjemøtet i 2006 var òg at det er naturleg å setje sokjelyset på spørsmål som har med ordinasjon/vigsling og tilsetjing å gjere.

Kyrkjemøtet bør derfor drøfte desse problemstillingane:

***Skal KM stadfeste dei tilrådingane og retningslinjene som vart vedtekne i 1995 og 1997, og framleis rå til at biskopane og kyrklelege tilsetjingsorgan ikkje vigstrar/ordinerer eller tilset personar som lever i homofilt partnarskap?***

Det er ført fleire argument for at KM bør stadfeste tidlegare vedtak. Hovudgrunnen for mange er at det er det som svarer best til det som bør vere synet til kyrkja på homofilt partnarskap slik ein forstår Skrifta og læra til kyrkja. I tillegg er det vorte hevdat at det er den restriktive linja som vil skape mest ro og minst spenning i det interne kyrkjefellesskapet og i høve til andre kyrkjer. Vidare er det argumentert for at dette er klokt fordi samlivsfeltet har mange usikre moment, og ein trur eit slikt vedtak vil ha størst positiv verknad på samfunnsutviklinga. Ei slike tilråding kan kombinerast med ei oppmoding om å arbeide vidare med spørsmålet og ta med fleire perspektiv enn dei som vart eksplisitt drøfta i Lærenemnda. Endeleg er det argumentert for at det generelt er betre å vere tilbakehalden med endringar når det er så pass stor usemje om saka.

Tidlegare er det argumentert for at ei gjentaking eller stadfesting av desse tilrådingane frå 1997 neppe har same gjennomslagskrafta som før. Å ta dei oppatt kan òg kome til å svekkje heller enn å styrke vedtaket og autoriteten til Kyrkjemøtet. Eit slikt vedtak vil krevje ei oppfølging overfor dei vigsla medarbeidarane som har stillingar i dag som krev ordinasjon/vigsling. Men i samsvar med det arbeidsrettslege, kan ein neppe seie opp ordinerte/vigsla frå ei stilling på grunn av at dei har inngått homofilt partnarskap, dersom det skulle vere vilje til å prøve det. Det er òg fleire kyrklelege tilsetjingsorgan som har gitt uttrykk for at dei ikkje ser det som ei hindring for kyrkleleg teneste om ein sokjar lever i eit ordna og forpliktande homofilt samliv, og er opne for å tilsetje ein slik sokjar om vedkomande elles er kvalifisert.

***Skal Kyrkjemøtet vedta ei tilråding om at kyrklelege organ ikkje bør vurdere kor vidt ein person er homofilt samlevande som eit aktuelt kriterium ved vigsling eller tilsetjing?***

Ei slik tilråding vil kunne vere grunngitt i at ein finn at eit ordna homofilt samliv er ei god og forsvarleg samlivsform som ikkje gjer nokon uskikka til kyrkleleg teneste. Vidare kan ein argumentere for at dette vil gi eit viktig og nødvendig signal om å godta homofile og deira samliv, og dermed oppmode til at det blir inngått partnarskap og etablert ordna samliv mellom homofile generelt. Dette kan ein grunngi med at homofilt samliv og heterofilt samliv må likestilla. Ein kan òg grunngi det med at homofilt samliv er fullt ut etisk akseptabelt sjølv om ein ikkje kan likestille det med ekteskap.

Det er grunn til å tru at heller ikkje dette vedtaket ville få noko breitt fleirtal bak seg. Dette ville vere ein type tilråding som ut frå det som er sagt i Lærenemnda, bispekollegiet og i Kyrkjemøtet og enkelte bispedømmeråd, heller ikkje vil bli gjennomgåande følgt opp. Fleire biskopar har sagt bl.a. i fråsegna frå Lærenemnda at dei ikkje vil vigsle homofilt samlevande. Dessutan kan det vere grunn til å tru at fleire tilsetjingsorgan ikkje ønskjer å tilsetje homofilt samlevande i partnarskap i stillingar som krev vigsling. Det kan vere fordi ein er overtydd om at det er i strid med ei god teologisk vurdering, men det kan òg vere fordi det framleis er så omstridt at ein vil ta omsyn til korleis det vil fungere i den aktuelle kyrkjelyden der vedkomande skal gjere teneste. Det kan òg vere fordi ein finn at det er med og skaper meir uro og spenningar i kyrkja og i det økumeniske fellesskapet.

***Dette fører til det tredje spørsmål som ein bør avklare. Skal Kyrkjemøtet i det heile kome med tilrådingar eller retningslinjer til biskopane og kyrkjelege tilsetjingsorgan i spørsmål om vigsling og tilsetjing i høve til homofilt samliv?***

Spørsmålet om homofilt samlevande i partnarskap skal kunne ha vigsla stillingar, fell ikkje direkte inn under dei spørsmåla Kyrkjemøtet må og skal gjere vedtak om, ettersom det fell utanfor det som blir teke opp i tenesteordningar og vigselsliturgiar. Det kan vere gode grunnar til å vere tilbakehalden med å vedta tilrådingar og retningslinjer på dette feltet, ikkje minst fordi fleire moment tilseier at vedtaket i Kyrkjemøtet vil ha avgrensa gjennomslagskraft same kva tilrådinga går ut på.

Det er forståeleg at Kyrkjemøtet ønskjer ei open drøfting av ei sak som homofilisaka. Når Lærenemnda tek opp ei sak til behandling, men samtidig peikar på at nemnda ikkje har mandat i denne saka til å trekke konsekvensar som gjeld ordningane, er det naturleg å ta opp saka i Kyrkjemøtet. Samtidig må Kyrkjemøtet behandle slike saker i relasjon til den styringsretten og autoriteten Kyrkjemøtet sjølv har. Her har det vore og vil framleis vere ei utvikling i sjølvforståinga hos Kyrkjemøtet

Hovudoppgåva til Kyrkjemøtet er å gjere noko med vesentlege leiingsoppgåver i kyrkja, òg i situasjonar der det ikkje er grunn til å tru at medlemmene i Kyrkjemøtet blir einige. Sjølv om Kyrkjemøtet ikkje har avgjerande styringsrett i spørsmålet om homofilt samlevande i partnarskap skal kunne ha vigsla stillingar, kan det vere grunn til å vurdere å vedta ei oppmoding til dei ulike organa i kyrkja om å gå fram ryddig og med innleiving i desse spørsmåla overfor dei aktuelle kandidatane og søkjarane til stillingar i kyrkja. Andre organ enn Kyrkjemøtet bør utarbeide ei felles rettleiing for korleis kyrkjelege organ skal gå fram på ein ryddig måte i denne samanhengen. Til dømes bør det vere noko fast og føreseieleg når det gjeld dei ordinasjons- og vigslingsfullmaktene som biskopen har, og praksisen i dette, og den politikken eit tilsetjingsorgan fører i dette spørsmålet. Ut frå den kyrkjeforståinga Kyrkjemøtet sjølv har uttrykt, til dømes i *Kirkens identitet og oppdrag*, kan Kyrkjemøtet be om at ein tek godt nok omsyn til dei kyrkjelydane ein skal tene. Tilsvarande kan gjelde kollegiale og samarbeidsretta forhold som skal fungere på tvers av ulike oppfatningar. Då det alltid vil vere ei personleg belastning å bli vurdert ut frå samlivsforma si, må både biskopar og ansvarlege knytte til tilsetjingsprosedyrane, vere særleg aktsame i all slags kommunikasjon. Det er lite Kyrkjemøtet kan gjere dersom

ulike organ ikkje opptrer ryddig og ansvarleg. Men Kyrkjemøtet kan be om at ein viser respekt for ansvarsområda til dei ulike organa. Derfor bør ingen tilsetjingsorgan til dømes tilsetje i stilling som krev vigslig, utan at det er avklart om biskopen kan gi vedkomande tenestebrev, sjå § 9 i *Tjenesteordning for biskoper*.

Ved å ikkje stadfeste eller vidareføre tilrådingane til biskopane og tilsetjingsorgana frå 1997 understrekar Kyrkjemøtet at ansvaret for vurderinga av kven som er eigna eller skikka til vigsla teneste i kyrkja, ligg nettopp i samspelet mellom biskopane og desse organa. Då blir det opp til desse å gjere dei vedtaka dei finn samsvarer best med det synet kyrkja har i dette spørsmålet, og det stillingane og samarbeidet i kyrkja krev.

Ein kan argumentere med at konsekvensane av å ikkje gi felles klare tilrådingar frå Kyrkjemøtet, på kort sikt betyr at kyrkja gir opp den einskaplege tilsetjingsmarknaden og ein eiskapleg ordinasjonspraksis. Nokre vil hevde at dersom ein forlengjer dagens utviklingslinjer i denne saka ut frå den dynamikken ho no har fått, inneber eit slikt vedtak at det tradisjonelle synet på homofilt samliv er sett under avvikling i Den norske kyrkja når det gjeld ordningar. Korleis Kyrkjemøtet kan stille seg til ei slik mogeleg utvikling, er omtalt nedanfor.

#### ***Gir eit kyrkjemøtevedtak eit grunnlag for å kunne la vere å tilsetje homofilt samlevande i partnarskap i stillingar som krev ordinasjon/vigsel?***

Det er brot på forbodet mot diskriminering i arbeidsmiljølova (§ 13–1) å ikkje tilsetje nokon i ei stilling ein elles er kvalifisert for fordi vedkomande lever i homofilt partnarskap. Religiøse trussamfunn kan bruke unntaksparagrafen (§ 13–3) (sjå behandlinga av denne paragrafen i 4.4). Ein kan argumentere for at eit vedtak i Kyrkjemøtet som vidarefører vedtaka frå 1995/97, kan gjere det enklare for tilsetjingsorgan å nytte seg av unntaksregelen.

Ein slik kyrkjeleg praksis ved tilsetjing kan ein for det første grunngi med at halve Lærenemnda, mange biskopar og truleg ein stor del av Kyrkjemøtet meiner homofilt samlevande ikkje skal tilsettast i slike stillingar. For det andre har dette standpunktet vore det vanlege i den kristne kyrkja fram til no. Dessutan er det ei haldning og ein praksis i mange og store kyrkjesamfunn nasjonalt og internasjonalt.

#### ***Kva slags økumeniske konsekvensar kan det få om ein ikkje vidarefører vedtaka frå 1995/97?***

Den norske kyrkja vil vise andre kyrkjer at ein tek på alvor den situasjonen som er oppstått mellom ulike grupper i kyrkja. Dette vil vere krevjande, økumenisk òg. Det er vanskeleg å seie på førehand korleis kyrkjer i forskjellige delar av verda vil reagere både i høve til dei offisielle organa i Den norske kyrkja og til kristelege organisasjonar og lokalkyrkjelydar. Men kanskje kan ei kyrkjemøtebehandling i tråd med argumentasjonen her gjere at Den norske kyrkja er med og utviklar måtar å leve med usemje på som vil vere eit vesentleg bidrag til det vidare økumeniske fellesskapet. Det er allereie vorte lagt merke til at Lærenemnda har handsama saka og avsluttar med å seie at ”det er et ansvar

for hele kirken å gjennomtenke hvordan en håndterer denne uenigheten – i respekt for dem som har et annet syn enn en selv har, og i respekt for de mennesker som mest direkte berøres av det aktuelle spørsmål” (s. 127).

Som eit signal til andre kyrkjer, kan det vere klokt av Kyrkjemøtet å vedta at det framleis er eit kyrkjeleg legitimt alternativ å ikkje tilsetje homofilt samlevande i partnarskap i stillingar som krev ordinasjon/vigsling. Slik understrekar Kyrkjemøtet òg at ein ikkje skal forstå kyrkjemøtevedtaket som ei underkjenning av haldningane og ordningane i andre kyrkjer.

#### 4.4 Tilsetjing

Kor vidt ein aktuell person er eigna til ein spesiell stilling, blir avgjort i kvart tilfelle av det enkelte tilsetjingsorganet og verken kan eller skal ankast til Kyrkjemøtet. Samtidig er tenestebrevet frå biskopen eit uttrykk for at vedkomande er skikka til tenesta.

Det er ein samanheng mellom det å ha tillit og det å vere skikka som er særleg aktuell i stillingar som krev ordinasjon/vigsling. Det er slike vurderingar både biskop og bispedømmeråd/fellesråd skal gjere i sitt heilskapskyrkjelege ansvar. Kyrkjemøtet vil, slik det er gjort greie for tidlegare i dette dokumentet, tilrå ein framgangsmåte der tilsetjingsorgana ikkje tilset dersom biskopen ikkje kan gi tenestebrev. Det blir presisert at ansvaret til biskopen for å gi tenestebrev ikkje overstyrer myndet til tilsetjingsorgana. Tilsetjing og utferding av tenestebrev er avgjerder som i tillegg til dei formelle og reelle krava som ligg i utlysingsteksten, må ta omsyn både til kandidaten og til den kyrkjelyden eller samanhengen vedkomande skal gjere teneste i. Slike vurderingar er krevjande, og det vil vere stort rom for skjøn. Dette rommet kan ein kanskje gjere mindre, og vurderingane kan kanskje bli lettare å handtere hos desse organa dersom det er lagt opp til like ordningar for heile kyrkja. På den andre sida er det vanskeleg å sjå at trykket i saka både på biskop og bispedømmeråd blir vesentleg mindre når ein ser kva status saka har fått i kyrkja og elles i samfunnet.

Det er Kyrkjemøtet som har ansvar for å gi kvalifikasjonskrav til ein del stillingar, men det gjeld utdanningskrav. Det vil vere ein ny praksis om Kyrkjemøtet ønsker å legge inn nye område i kvalifikasjonskrava.

Det kan ikkje rekna som ein rett å bli tilsett i ei stilling som krev ordinasjon/vigsling i eit kyrkjesamfunn. Anten ei kyrkjeordning har nær tilknyting til staten eller ikkje, er det viktig at eigenarten til trussamfunnet er det avgjerande. I legitimate tilfelle der samlivsforma kan bety noko både ut frå ei teologisk grunngiving og for den tilliten vedkomande må ha for å kunne utføre tenesta si, har kyrkja føreset att religionsfridommen kjem føre eventuelle rettar som følgjer av diskrimineringsforbodet i arbeidsmiljølova (aml.). Likevel er det nødvendig å drøfte akkurat dette problemområdet nærmare.

Dei aktuelle paragrafane i aml. er:

”§ 13-1. *Forbud mot diskriminering*

- (1) Direkte og indirekte diskriminering på grunn av politisk syn, medlemskap i arbeidstakerorganisasjon, seksuell orientering, funksjonshemming eller alder er forbudt.
- (2) Trakkassering og instruks om å diskriminere personer av grunner nevnt i første ledd anses som diskriminering.
- (3) Bestemmelsene i dette kapittel gjelder tilsvarende ved diskriminering av arbeidstaker som arbeider deltid eller er midlertidig ansatt.”

Unntaksregelen i § 13–3 i aml. har ein eigen regel i tredje ledet om tilsetjingar i religiøse trussamfunn. Regelen lyder slik:

**”§13-3. Unntak fra forbudet mot diskriminering**

- (1) Forskjellsbehandling som har et saklig formål, ikke er uforholdsmessig inngrgende overfor den eller de som forskjellsbehandles og som er nødvendig for utøvelse av arbeid eller yrke, anses ikke som diskriminering etter loven her.
- (2) Forskjellsbehandling som er nødvendig for å oppnå et saklig formål og som ikke er uforholdsmessig inngrgende overfor den eller de som forskjellsbehandles er ikke i strid med forbudet mot indirekte diskriminering, diskriminering på grunn av alder eller diskriminering av arbeidstaker som arbeider deltid eller er midlertidig ansatt.
- (3) Forskjellsbehandling på grunn av homofil samlivsform ved ansettelse i stillinger knyttet til religiøse trossamfunn, der det i utlysingen av stillingen er stilt særlege krav ut fra stillingens karakter eller formålet for virksomheten, er ikke i strid med forbudet mot diskriminering på grunn av seksuell orientering.”

Det går fram av ordlyden i tredje ledet at det er sett opp to vilkår for å kunne forskjellsbehandle på grunnlag av homofil samlivsform:

- a. Det må i utlysingsteksten vere stilt krav til samlivsform.
- b. Dette kravet må vere grunngitt i stillingskarakteren eller formålet for verksemda.

Teologiske og etiske vurderingar i kyrkja vil vege tungt når ein skal ta stilling både til stillingskarakteren og formålet med verksemda. Men når kyrkja har minst to syn som gir to heilt motsette slutningar ved tilsetjing i same typen stilling og i verksemde med same formål, kan ein spørje kva slags rettsleg verdi unntaksregelen har i ei sak der ein homofilt samlevande som elles er best kvalifisert, ikkje får stillinga. I denne samanhengen kan det òg bli ein diskusjon om omgrepet verksemde skal gjelde for Den norske kyrkja og hennar lære, eller om det skal gjelde for sokneråd/fellesråd/bispedømmeråd. Ut frå Rådsdirektiv 2000/78/EU om forbod mot diskriminering i arbeidslivet, forarbeida til dei reglane i aml. som gjeld i dag, og ordlyden i § 13–3 nr. 3 i aml., tyder alt på at det som er meint, er dei krava trussamfunnet set til dei som har stillingane, og kva formål trussamfunnet har. Dette utelukkar ikkje at ein kan leggje vekt på lokale forhold når ein skal vurdere om ein skal bruke unntaksregelen i § 13–3 nr. 3 i aml., men det er Den norske kyrkja ved dei synodale organa og dei felles læreorgana ein må forstå som dei som fastset formålet for trussamfunnet og kva krav ein skal stille til ei stilling.

Eit kyrkjemøtevedtak der ein ikkje vidarefører dei gamle vedtaka, men samtidig slår fast at det er i tråd med formålet for kyrkja å ikkje tilsetje homofilt samlevande i partnarskap i visse stillingar, vil gjere at domstolane truleg vil vere tilbakehaldande med å konkludere

med at det er ulovleg forskjellsbehandling å la vere å tilsetje ein homofilt samlevande i partnarskap. Grunngivinga vil vere at domstolen legg vekt på at ein heller stor del av kyrkja stiller krav til dei som har stillingar som krev ordinasjon/vigsel om å ikkje leve i homofile parforhold. Det vil vere vanskeleg for ein domstol å overprøve eit lærestandpunkt som store delar av eit trussamfunn deler.

Ein må rekne med at eit vedtak som seier at homofilt samlevande i partnarskap har tilgjenge til alle stillingar i Den norske kyrkja, men at ein unntaksvise kan forskjellsbehandle, kan føre til at ein domstol lettare kan kome fram til at forskjellsbehandlinga er ulovleg.

Det er viktig å merke seg at utgangspunktet i aml. er at det er forbode å diskriminere på grunn av seksuell orientering. I den grad kyrkja held fast ved at det er overtydande nok teologiske grunnar til at homofilt samlevande i partnarskap ikkje skal tilsetjast i stillingar som krev ordinasjon/vigsling, må dette altså gå klart fram av utlysingsteksten. Trussamfunnet Den norske kyrkja og kyrkjelege organ gir då uttrykk for at ein ikkje reknar det som diskrimering å utelate nokon frå å konkurrere om ei stilling av samlivsetiske grunnar.

Dersom Kyrkjemøtet vedtek å ikkje vidareføre vedtaka frå 1995/97, bør Kyrkjerådet saman med Bispmøtet og i nær kontakt med departementet, bispedømmeråda og arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane utarbeide rettleiing for dei kyrkjelege tilsetjingsorgana. Rettleiinga må legge vinn på å få tydeleg fram følgjene av vedtaket i Kyrkjemøtet og sikre føreseielege vilkår for arbeidstakrar i møte med den kyrkjelege arbeidsmarknaden både lokalt, regionalt og sentralt.

Dersom det blir slik at det i somme bispedømme og fellesråd blir kravd at søkerar ikkje lever i partnarskap, vil det vere ulike krav til søkerar i ulike delar av kyrkja. Det synest vanskeleg å kome utanom ein slik konsekvens ved å ikkje vidareføre vedtaka frå 1995/97, men slik er situasjonen delvis i kyrkja allereie i dag.

## 4.5 Ordinasjon/vigsling

Ordinasjon og vigsling er tilsynsspørsmål som den enkelte biskop og Bispmøtet som koordinerande organ mellom biskopane, handterer. Dette har BM uttalt seg om tidlegare, jf. vedtak frå sak BM 2/95 og 15/97. Den gongen vart det argumentert for og uttrykt semje om at dersom fleirtalssynet vart gjort gjeldande som synet til kyrkja, burde òg alle biskopane innrette ordinasjons-/vigslingspraksisen deretter.

Det er biskopen som åleine har ansvar for å vurdere om ein kandidat er eigna til å bli ordinert/vigsle til ei teneste i kyrkja. Ein konsekvens av fråsegna frå Lærenemnda er at fleire biskopar meiner det er teologisk grunnlag for at ein framleis ikkje skal ordinere/vigsle homofilt samlevande i partnarskap. Det er like klart at fleire biskopar meiner det er teologisk grunnlag for å ikkje gjere forskjell på kandidatane på eit slikt grunnlag. Det er grunn til å tru at biskopane ønskjer ein praksis som svarer til overtydinga deira, men at dei òg ser på ordinasjons-/vigslingspraksisen sin som ein del av eit

heilskapskyrkjeleg oppdrag, jf. oppgåva med å ”fremme og bevare enheten i Guds kirke” (*§ 1 i Tjenesteordning for biskoper*).

Derfor er det viktig ikkje berre for den enkelte sokjaren, men for heile kyrkja korleis fullmakta til å ordinere blir brukt, òg ut frå omsynet til einskapen i kyrkja.

Det vil vere krevjande for biskopane å samordne praksisen sin på dette feltet på ein måte som gjer at ein tek omsyn til det komplekse i saka. Men dette er ei viktig oppgåve som ligg til Bispemøtet (§ 26 i kl.). Ordinasjonen/vigslinga gjeld for heile kyrkja, og i prinsippet i høve til kyrkjer vi har avtalefesta kyrkjefellesskap med. Når det gjeld det siste, har vi ikkje grunnlag for å meine svært mykje om korleis det vil bli ei problemstilling i alle samanhengar. Men det er nokså klart at i dei kyrkjene der det er vedtak eller reglar som tilseier at homofile i partnarskap ikkje kan gjere teneste som prestar, vil det gjelde dei som kjem frå Den norske kyrkja òg.

Det ligg i forlenginga av det føreslåtte vedtaket at Kyrkjemøtet må uttrykkje forventning om at biskopane og kyrkja elles godtek ulik ordinasjons-/vigslingspraksis og avgrensingar på kor vidt homofilt samlevande i partnarskap kan gjere teneste. Det er ein omkostnad som i stor grad òg er til stades med den ordninga som gjeld i dag.

Kyrkjemøtet bør understreke at tilsvynsansvaret til biskopen gjeld uavgrensa for alle i stillingar som krev ordinasjon/vigslig. Dette gjeld same kven som er tilsett, og same kva syn biskopen har på homofilt samliv. Kyrkjemøtet må òg kunne uttrykkje at ein ventar respekt for ulike syn i denne saka, og at det er eit særleg ansvar for biskopen å ta vare på det kollegiale samarbeidet der det er ulikt syn.

## 4.6 Liturgiar

Forbøn for inngåtte partnarskap knytt til ein liturgi Kyrkjemøtet har vedteke, er eit endå meir komplisert spørsmål. Kyrkjemøtet har hittil ikkje vedteke å innføre liturgiar utan at det er svært stor oppslutning om dei, og i slike saker er det reglar for saksgangen mellom Bispemøtet og Kyrkjemøtet. Konsensusproblematikken knytt til lærespørsmål blir spesielt tydeleg i dette spørsmålet. Det kjem ikkje minst av at liturgiane som KM har vedteke, har ein forpliktande karakter for alle som skal forrette dei, og at det ikkje kan vere for stor usemje i kyrkja om dei kyrkjelege liturgiane har legitimitet eller ikkje. Derfor er det klokt å la dette spørsmålet ligge i homofilisaka.

Det er òg relevant å vise til at ein prest, ope og under tilsyn av biskopen sin, kan be for menneske i ulike situasjonar. Det er ikkje nødvendig med ordningar som er godkjende av Kyrkjemøtet, for å kunne gjere dette dersom presten i forståing med biskopen meiner handlinga er forsvarleg.

I fråsegna frå Lærenemnda er det brei semje om at ekteskap og partnarskap ikkje er det same. Når det gjeld debatten om forslaget frå regjeringa til ny ekteskapslov, viser vi til sak KR 40/07 (sak KM ?/07). Også på bakgrunn av slik saka om ei eventuell ny ekteskapslov står no, er det naturleg at Kyrkjemøtet ventar med å drøfte liturgispørsmålet knytt til inngåing av partnarskap. I kyrkjer som har opna for forbøn for homofile par, skil ein klart mellom denne handlinga og ekteskapsinngåing, jf. Svenska kyrkan.

## **4.7 Generelt om den vidare behandlinga av saka**

Kyrkjerådet vil understreke at alle dei organa i kyrkja som denne saka vedkjem, må vere klar over at ”saka gjeld … primært homofile menneske og svært djupe og personlege sider ved deira liv og identitet” (saksframstillinga til Kyrkjemøtet i sak KM 03.3./06). Det er viktig for kyrkja å sikre ei forsvarleg behandling av enkeltmenneske (både dei homofile sjølv og dei som har ansvar for ulike sider ved forvaltninga av dei sakene dette gjeld) ved at ein lagar ordningar som er mest mogeleg ryddige, og som let seg gjennomføre, og ved at ein legg til rette for at menneske med ulikt syn i homofilisaka kan oppleve at dei blir respekterte i fellesskapet i praksis. I ei brytingstid bruker ein ulike argument og handlingar for å fremje sitt syn, anten det er det nye synet som skal få gjennomslag, eller det er det synet ein har hatt før, som framleis skal gjelde. Som i andre fellesskap der ein forpliktar seg til å leve saman, er det viktig i det kyrkjelege fellesskapet korleis ein ter seg overfor andre når det er usemje og konflikt. Ein må vere ærleg, tydeleg, føreseieleg og villig til å ta kvarandre på alvor.

Dersom ein skal vere med på å styrke fellesskapet i kyrkja, trengst det òg vilje til å finne berekraftige ordningar og ansvar overfor dei felles rammene og ordningane ein blir einige om. Kyrkjerådet framhevar at Kyrkjemøtet har eit særleg ansvar for å fremje samarbeidet og dermed fellesskapet i kyrkja. Men òg dei ulike organa som har ansvar i dei sakene dette gjeld, må finne forsvarlege felles rammer for sakshandsaminga si, slik at sakene blir handsama korrekt og dei ulike syna hos dei forskjellige organa kan bli respekterte og gjennomførte. Det er biskopen som sjølvstendig organ som vurderer kven som kan bli ordinert og vigsla. Det er biskopen som sjølvstendig organ som vurderer kven som kan få tilråding frå biskopen i samband med tilsetjing. Det er Kongen i statsråd, bispedømmeråd, fellesråd og i nokre tilfelle organisasjonar (sjukehus og liknande) utanom Den norske kyrkja som tilset i stillingar som krev vigslig/ordinasjon. Utgreiinga om retten til å setje opp retningslinjer avklarte dette eit stykke på veg, men ho viser òg den uvissa som er knytt til den styringsretten og autoriteten som forskjellige organ har, òg Kyrkjemøtet. Dette ikkje minst ut frå ei dynamisk forståing av opparbeiding og utvikling av autoritet i ei kyrkjeordning.

Det er nødvendig at alle nivåa i kyrkja har medansvar for korleis desse spørsmåla blir handterte, ut frå dei mandata nivåa elles har i kyrkjeorganisasjonen. Desse spørsmåla vil i alle høve vere aktuelle på bispedømmeplan og i lokalkyrkjelydane og i kollegafellesskap.

Det er viktig at Den norske kyrkja jamleg informerer sine lutherske systerkyrkjer, og i tillegg dei andre kyrkjene vi har avtalt kyrkjefellesskap med, og gjer greie for den vidare behandlinga av homofilisaka med tanke på vedtak som gjeld ordningane. I den samanhengen er det naturleg å vurdere korleis det som eventuelt blir vedteke, kan verke inn på samarbeidet mellom ulike kyrkjer. Samtidig er det viktig å lytte til andre og deira drøftingar og råd. Det er òg viktig å finne ut kva konsekvensar det eventuelt får for homofilt samlevande tilsette i partnarskap om dei ønskjer å gjere teneste i andre kyrkjer eller felleskyrjelege organisasjonar. Om andre kyrkjer vil problematisere samarbeidet med Den norske kyrkja ved eventuelle nye vedtak på Kyrkjemøtet, er vanskeleg både å vurdere og å seie på førehånd. Då er det endå viktigare å informere om kva som blir føreslått, i god tid før det blir gjort vedtak. Det kan understreke at vedtak bør ein ikkje

gjere under tidspress. Generelt bør ingen, heller ikkje Den norske kyrkja, la seg styre av truslar eller press i noka retning, men gjere vedtak som ein kan stå for innetter og utetter.

Det er òg viktig at Den norske kyrkja får tydeleg fram den løysinga som homofilosaka no får, for kyrklege/kristne organisasjonar som ho har samarbeidsrelasjonar til, og medverkar til ein konstruktiv samtale om kva dette har å seie både for organisasjonane og for samarbeidet mellom kyrkjelydar og lag/foreiningar lokalt og for konkrete samarbeidsprosjekt med kyrkjer og kyrkjelydar i andre land.

Kyrkjemøtet må ta høgd for at dei spenningsmomenta som er omtalte her, framleis vil vere ei stor belastning for enkeltmenneske, for kyrkja som organisasjon og kommunikativt overfor alle kyrkjemedlemmene og samfunnet elles. I denne situasjonen er det ei særleg oppgåve for Kyrkjemøtet, saman med Bispmøtet og andre organ som har særleg ansvar for einskapen i kyrkja, å leggje spesielt vekt på det som samlar kyrkja i liv, lære og oppdrag, og å gi rom for at dei ulike menneska i kyrkja får legitimitet innanfor dei rammene som Kyrkjemøtet legg i vedtaka sine.

Det inneber at Kyrkjemøtet opnar for at ein utarbeider køyrreregler for å handtere aktuelle samarbeidsutfordringar lokalt utan at desse reglane skal vere detaljstyrande frå sentralt hald. Dei må nettopp mobilisere til samarbeidsvilje og gjensidig respekt på alle nivåa i kyrkja i denne vanskelege saka. Det var òg intensjonen i vedtaka i Bispmøtet og Kyrkjemøtet i 1997.

## Økonomiske/administrative konsekvensar

Saka får ikkje spesielle følgjer for økonomien og den administrative oppfølginga i Kyrkjerådet.